



Kinn kommune

Møtebok

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Digitalt møte
Dato: 29.04.2021
Tid: Kl. 09:00 - 17:10

Følgjande medlemmer møtte

Anders Ole Sunnarvik
Bente Nygård
Ola Teigen
Petter Karl Refsnes
Silje Ødegård Standal
Tove Lill Refvik Volle
Frank Willy Pedersen Djuvik
Miriam Johanne Nesje
Anett Berg
Arlene Vågene
Hanne Eva Husebø Kristensen
Kristian Skibenes
Morten Andreas Hagen
Vidar Grønnevik
Gustav Johan Nydal
Kine Andersen Nygård
Odd Bovim
Daniel Erik Adrian Henriksson
Geir Ole Oldeide
Marie Kronen Tveranger
Sunniva Audardottir Oldeide
Asgeir Olav Solheim
Fredrik Smiley Egeberg
Jan Arve Midtbø
Randi Hagevik Aare
Sidsel Fænn Kongsvik
Tom Andrè Vedvik Hopland
Torgunn Elisabeth Eikevik
Ingunn Kjersti Frøyen
Jon Valur Olafsson
Marie Kristine Øverås Jensen
Edvard Iversen
Hilmar Eliasson
Jacob Andrè Telvik Nødseth
Jan Henrik Nygård

Parti

Kinn AP
Kinn AP
Kinn AP
Kinn AP
Kinn AP
Kinn AP
Kinn FrP
Kinn FrP
Kinn H
Kinn H
Kinn H
Kinn H
Kinn H
Kinn H
Kinn KrF
Kinn MDG
Kinn MDG
Kinn Rødt
Kinn Rødt
Kinn Rødt
Kinn Rødt
Kinn SP
Kinn SP
Kinn SP
Kinn SP
Kinn SP
Kinn SP
Kinn SV
Kinn SV
Kinn SV
Kinn V
Kinn V
Kinn V
Kinn V

Forfall

Parti

Varamedlem

Parti

Kim Gunnar Jensen
Lars Terje Standal
Leif Magne Gil
Ronny Cassells

Kinn AP
Kinn AP
Kinn AP
Kinn AP

Stine Kråkenes Øvrelid
Inger Strand Kvalheim
Doris Christensen
Roy Andre Berg

Kinn AP
Kinn AP
Kinn AP
Kinn AP

Delvis forfall
Sp

Fast representant	Tid	Årsaka til forfallet	Vara
Randi Hagevik Aare og Fredrik Smiley Egeberg	Kl 10.00 og 13:00	Vaksinasjon.	Marianne Kvalvik Kvamme

Frp

Fast representant	Tid	Årsaka til forfallet	Vara
Miriam Johanne Nesje	15:30 - møteslutt	Møte	Kjell-Magne Kvalheim

SV

Fast representant	Tid	Årsaka til forfallet	Vara
Ingunn Kjersti Frøyen	14:00	Vaksinasjon i Samfunnshallen kl. 14.15.	Bente Nilsen

Frå administrasjonen møte:

Terje Heggheim, Rolf Bjarne Sund, Norunn Stavø, Arne Schei, Møyfrid Ellingsund, Frode Ellingsund.

Orienteringssaker:

Lone Bareksten om rekrutteringsprosjektet i Aksello.

Ola Teigen og Rolf Bjarne Sund om Stad skipstunnel.

Ymse:

Lunsj og gruppemøte (om sak 045/21) frå kl. 11.58 til 12.45.

Ola Teigen
Ordførar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
042/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
043/21	Godkjenning av møteprotokoll
044/21	Refererte skriv og meldingar
045/21	Forskrift for opptaksområde for skulane Solheim, Stavang og Steinhovden
046/21	Uttale til søknad om godkjenning av Høydalen friskule
047/21	Val av oppvekst- og kulturutval
048/21	Val av samferdsleutval
049/21	Rapport finans- og gjeldsforvaltning per 31.12.2020
050/21	Skjenkeløyve Vesle Kinn - uteservering i bakgården
051/21	Søknad om uteservering - Pop-Up Norge AS
052/21	Havfruen Måløy - løyve til midlertidig skjenkeområde
053/21	Sluttbehandling - Privat detaljregulering for Eikevik, Stavøy - Gbnr. 93/1 mfl. - Fritidsbustad. Planid 20200109
054/21	Deltaking i Fjordane interkommunalt politisk råd
055/21	Innkjøpsstrategi
056/21	Reservevasskjelde Florø vassverk - Framdriftsplan
057/21	Møtereglement for fjernmøter i Kinn kommune
058/21	Interpellasjonar
006/21	Interpellasjon marsmøtet
007/21	Interpellasjon etter resultatet av spørjeundersøking
059/21	Nordfjord Havn IKS - oppfølging selskapskontroll
060/21	Endring av promillesatsen i eigedomskatten for 2021



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
042/21	Kommunestyret	29.04.2021

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Kommunestyret 29.04.2021:

Handsaming:

Godkjenning av innkalling:

Ingen merknader

Godkjenning av sakliste:

Repr. Djuvik, Frp, etterlyser sak om eigedomsskatt og ber om at den vert sett på saklista. Djuvik ber også om at hamnesaka vert teke vekk frå saklista med grunngjeving at ordførar ikkje har mynde til å legge fram ei sånn sak, og varslar også lovlegkontroll dersom det ikkje vert teke til følgje. Hamnesaka vert omgjort til referatsak. Møteprotokoll frå møtet i hamnestyret vert lagt til sak 044/21, refererte skriv og meldingar, og saka til ordførar (059/21) vert fjerna frå saklista.

Framlegg frå Sp om at val av nytt kontrollutval vert sett på saklista: Framlegget falt mot røystene til Sp (6).

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent med endringar. Saka om eigedomsskatt vert sett på saklista. Dette vart vedteke med røystene til opposisjonen (18) mot røystene til posisjonen (21), eller med over ein tredjedels fleirtal, som lova krev.

KOST- 042/21 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.
Sak om eigedomsskatt vert sett på saklista.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
043/21	Kommunestyret	29.04.2021

Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Kommunestyret 29.04.2021:

Handsaming:

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 043/21 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå sist møte ligg i Politikerportalen og på Kinn kommune si heimeside.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Kommunestyret - 25.03.2021



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
044/21	Kommunestyret	29.04.2021

Refererte skriv og meldingar

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Underliggende sak:

006/21, Kinn kommune - budsjett 2021 og økonomiplan 2021 - 2024

007/21, Lovlegkontroll av kommunestyrevedtak i sak 165/20 i Kinn kommune - Val av kontrollutval

008/21, Hamnerådsmøte 14. april 2021

Kommunestyret 29.04.2021:

Handsaming:

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding samrøystes vedtatt.

KOST- 044/21 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Meldingane vert tatt til etterretning som dei ligg føre.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
023/21	Oppvekst- og kulturutvalet	13.04.2021
045/21	Kommunestyret	29.04.2021

Forskrift for opptaksområde for skulane Solheim, Stavang og Steinhovden

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i opplæringslova §8-1 vert forskrift for opptaksområde for skulane Solheim, Stavang og Steinhovden endra slik:

1. Solheim skule: skulen vert lagt ned frå 01.08.2021 og lagt til Brandsøy skule sitt opptaksområde
2. Steinhovden skule: skulen vert lagt ned frå 01.08.2022 og lagt til Eikefjord barne- og

ungdomsskule sitt opptaksområde.

3. Stavang skule: skulen vert lagt ned frå 01.08.2022 og lagt til Eikefjord barne- og

ungdomsskule sitt opptaksområde. Det opnast for at elevar tilhøyrande noverande opptaksområde for Stavang skule kan overførast til Florø barneskole.

4. Vidare drift av Stavang barnehage vil frå hausten 2022 avgjerast av tal på barn i barnehagen, jfr. §14 i vedtekter for barnehagane i Kinn kommune:

Eit barnehagetilbod vert lagt ned og barna overført til andre barnehagar, når tal på plassar som vert nytta er mindre enn:

7 heile plassar i aldersgruppa 1-5 år

5 heile plassar i aldersgruppa 1-5 år, samorganisert med SFO og skule

Oppvekst- og kulturutvalet 13.04.2021:

Handsaming:

Kinn Sp har framlegg til vedtak som følgjer:, foreslått av Torgunn Elisabeth Eikevik, Kinn Senterparti
Vurdering vedrørande nedlegging av Steinhovden skule samt Stavang skule og barnehage, vert utsett til skulebruksplanen er ferdigstilt, og handsama etter departementet sine gjeldande lover og retningslinjer.

Framlegg til vedtak frå SV, SP og Raudt, foreslått av Ingunn Kjersti Frøyen, Kinn Sosialistisk Venstreparti

Punkt 2, 3 og 4 i framlegg til vedtak vert utsett til konsekvensutgreiing ligg føre og det er gjort ei nærare utgreiing av spørsmåla som er stilt i høyringsuttalane.

Framlegg frå SV, foreslått av Ingunn Kjersti Frøyen, Kinn Sosialistisk Venstreparti

Det skal utarbeides konsekvensutanalyse av nedlegging og ei nærare utgreiing av spørsmåla og problemstillingane som kjem fram i høyringsuttalane.

Kommunedirektør Terje Heggheim og kommunalsjef Ellen Jåvold svarte på spørsmål.

Røysting:

Det vart først røysta over utsettingsforslaget frå SV-v/Ingunn Frøyen:

"Punkt 2, 3 og 4 i framlegg til vedtak vert utsett til konsekvensutgreiing ligg føre og det er gjort ei nærare utgreiing av spørsmåla som er stilt i høyringsuttalane."

Falt mot fem røyster, AP-v/Leif Magne Gil og Doris Christensen, H-v/Bengt Solheim-Olsen og Anett Berg og V-v/Edvard Iversen.

Det vart røysta over Kinn SP-v/Torgunn Eikevik sitt tilleggsforslag.

"Vurdering vedrørende nedlegging av Steinhovden skule samt Stavang skule og barnehage, vert utsett til skulebruksplanen er ferdigstilt, og handsama etter departementet sine gjeldande lover og retningslinjer."

Falt mot fem røyster, V-v/Edvard Iversen, H-v/Anett Berg og Bengt Solheim-Olsen, AP-v/Doris Christensen og Leif Magne Gil

Det vart røysta over SV-v/Ingunn Frøyen sitt tilleggsforslag

"Det skal utarbeides konsekvensutanalyse av nedlegging og ei nærare utgreiing av spørsmåla og problemstillingane som kjem fram i høyringsuttalane."

Falt mot fem røyster, AP-v/Leif Magne Gil og Doris Christensen, H-v/Bengt Solheim-Olsen og Anett Berg, V-v/Edvard Iversen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vedtatt mot fire røyster, SP-v/Tom Andre Hopland og Torgunn Eikevik, SV-v/Ingunn Frøyen og R-v/Hege Brandsøy

OPKUV- 023/21 Vedtak:

Med heimel i opplæringslova §8-1 vert forskrift for opptaksområde for skulane Solheim, Stavang og Steinhovden endra slik:

1. Solheim skule: skulen vert lagt ned frå 01.08.2021 og lagt til Brandsøy skule sitt opptaksområde
2. Steinhovden skule: skulen vert lagt ned frå 01.08.2022 og lagt til Eikefjord barne- og ungdomsskule sitt opptaksområde.
3. Stavang skule: skulen vert lagt ned frå 01.08.2022 og lagt til Eikefjord barne- og ungdomsskule sitt opptaksområde. Det opnast for at elevar tilhøyrande noverande opptaksområde for Stavang skule kan overførast til Florø barneskole.
4. Vidare drift av Stavang barnehage vil frå hausten 2022 avgjerast av tal på barn i barnehagen, jfr. §14 i vedtekter for barnehagane i Kinn kommune:

Eit barnehagetilbod vert lagt ned og barna overført til andre barnehagar, når tal på plassar som vert nytta er mindre enn:

7 heile plassar i aldersgruppa 1-5 år

5 heile plassar i aldersgruppa 1-5 år, samorganisert med SFO og skule

Kommunestyret 29.04.2021:

Handsaming:

Fellesforslag frå SV, MDG, R, Sp og FRP., foreslått av Jon Valur Olafsson, Kinn

SenterpartiUavhengigKinn Sosialistisk Venstreparti

1. Kommunestyret legg til grunn at flytting av elevar frå Solheim skule skjer etter initiativ, og i samråd med foreldre. Med heimel i opplæringslova § 8-1 vert difor forskrift for opptaksområde for Solheim skule endra slik at Solheim skule vert lagt ned frå 01.08.2021 og lagt til Brandsøy skule sitt opptaksområde.

2. Opptaksområda for skulane Stavang og Steinhovden vert ikkje endra no.

3. Norconsultrapporten frå '21 vert lagt fram til politisk handsaming som ein del av skulebruksplana, og framtida for skulane Stavang og Steinhovden vert handsama i tilknytning til dette.

Framlegg til vedtak frå KrF, foreslått av Gustav Johan Nydal, Flora KrFKinn Kristelig Folkeparti

1. Som pkt 1 i fellesforslag frå SV, MDG, R, Sp og FrP

2. Som pkt. 2 i fellesforslag frå SV,MDG, R, SP og Frp.

3. Opptaksområde for skulane i Stavang og Steinhovden vert endra når elevtalet ved den enkelte skule vert 15 eller færre elevar.

4. Endring i opptaksområde skal varslast skule og foreldre minimum 6 mnd før oppstart av skuleåret.

5. Ved endring av opptaksområde for ein av desse skulane skal samanslåing av opptaksområda og overføring av elevane til ein av dei resp. skulane vurderast

Utsettingsframlegg frå MDG, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne

Saka vert utsatt for kva gjeld skulene Steinhovden og Stavang, som vert handsama i samband med skulebruksplanen.

Fellesframlegg fra MDG, Sp, Rødt, SV, Frp og KrF - Solheim skule, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne

Framlegg kva gjeld Solheim:

1. Kommunestyret legg til grunn at flytting av elevar frå Solheim skule skjer etter initiativ, og i samråd med foreldre. Med heimel i opplæringslova § 8-1 vert difor forskrift for opptaksområde for Solheim skule endra slik at Solheim skule vert lagt ned frå 01.08.2021 og lagt til Brandsøy skule sitt opptaksområde.

2. Kommunestyret legg til grunn at skulebruksplanen sine vedtekne prinsipp for reisetid også gjeld for elevene i noverande Solheim skulekrins.

Framlegg frå H, V, AP, foreslått av Inger Strand Kvalheim, Kinn Arbeiderparti

1. Kommunestyret legg til grunn at flytting av elevar frå Solheim skule skjer etter initiativ, og i samråd med foreldre. Med heimel i opplæringslova § 8-1 vert difor forskrift for opptaksområde for Solheim skule endra slik at Solheim skule vert lagt ned frå 01.08.2021 og lagt til Brandsøy skule sitt opptaksområde.

2. Opptaksområda for skulane Stavang og Steinhovden vert ikkje endra no.
3. Forskrift for opptaksområde for skulane Stavang og Steinhovden vert handsama i samband med skulebruksplanen, men ikkje seinare enn i oktober 2021.
4. Vidare drift av Stavang barnehage vil frå hausten 2022 avgjerast av tal på barn i barnhagen, jfr. §14 i vedtekter for barnehagane i Kinn kommune.

Jacob Nødseth, V, kjem med framlegg om å utsetje saka først, før MDG ved Bovim lanserer sitt framlegg. Ordførar tek til orde for ein gjennomgang i formannskapet. Nydal og Bovim har trekt sine framlegg etter gruppemøte og fellesframlegget til H, V og Ap.

Røysting:

Framlegget til vedtak frå H, V og Ap vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg punkt 2 i fellesframlegg frå MDG, Sp, Raudt, SV og Frp vart samrøystes vedteke som punkt 5 i vedtaket.

KOST- 045/21 Vedtak:

1. Kommunestyret legg til grunn at flytting av elevar frå Solheim skule skjer etter initiativ, og i samråd med foreldre. Med heimel i opplæringslova § 8-1 vert difor forskrift for opptaksområde for Solheim skule endra slik at Solheim skule vert lagt ned frå 01.08.2021 og lagt til Brandsøy skule sitt opptaksområde.
2. Opptaksområda for skulane Stavang og Steinhovden vert ikkje endra no.
3. Forskrift for opptaksområde for skulane Stavang og Steinhovden vert handsama i samband med skulebruksplanen, men ikkje seinare enn i oktober 2021.
4. Vidare drift av Stavang barnehage vil frå hausten 2022 avgjerast av tal på barn i barnhagen, jfr. §14 i vedtekter for barnehagane i Kinn kommune.
5. Kommunestyret legg til grunn at skulebruksplanen sine vedtekne prinsipp for reisetid også gjeld for elevene i noverande Solheim skulekrins.

Bakgrunn for saka:

I handlingsprogram og økonomiplan for 2021-2024 er skulane Solheim, Steinhovden og Stavang tatt ut frå august 2021. Vedtaket om Solheim skule skjer blant anna etter initiativ frå foreldra, elevane vert overført til Brandsøy skule frå skuleåret 2021-2022. I kommunestyremøte i desember 2020 vart det bestemt at saka skulle handsamast i kommunestyre den 18.februar. Høyring på forskrift for opptaksområde vart lagt ut til offentleg høyring den 8.januar med høyringsfrist 3.februar. På grunn av ein vanskeleg situasjon med strenge smittevernreglar var det ikkje mogleg å gjennomføre høyringsmøte på forsvarleg vis. Derfor vart høyringsfristen utsett til 30.mars, med endeleg handsaming i kommunestyre den 29.april.

Saksopplysningar:

Totalt kom det 31 høyringssvar på høyring om forskrift for opptaksområde. Alle høyringssvar ligg ved i saka. I tillegg vart det gjennomført høyringsmøte ved Stavang og Steinhovden skular den 18.mars. Det har også vore gjennomført møter med dei tilsette ved Stavang skule- og barnehage og

Steinhovden skule.

Eit av høyringssvara gjeld Solheim skule. Dette handlar i stor grad om tilrettelegging av skysstilbod for elevane. Dette vert i vareteke i eit samarbeid mellom skulane og fylkeskommunen.

Dei andre høyringssvara fordeler seg mellom innspel om Stavang og Steinhovden. Ein del av svara omhandlar begge skulane under eitt.

Innhaldet i høyringssvara kan oppsummerast i nokon punkt, alle svara ligg ved saka:

- Verdien av skulane i seg sjølv for elevane. Det leggst vekt på verdien av å ha ein skule i nærmiljøet for elevane og det visast til eit kvalitativt godt skuletilbod.
- Verdien av skule i bygda. Fleire gjev uttrykk for ein frykt for at nedlegging av skulen vil føre til mindre tilflytting til bygda. Ei bygd utan skule er mindre attraktivt for familiar med barn. Lokalsamfunnet vert mindre attraktivt, og det får ringverknader for annan verksemd i bygdene. Skulen er ein felles samlingsstad i bygda og er viktig ikkje berre for elevane, men for alle som bur i bygda.
- Arbeidsplassar. Ved nedlegging av skulane mister bygdene viktige arbeidsplassar i bygda.
- Lang reiseveg for barn og elevar. Ved nedlegging av skulane vil mange av elevane få ein lang reiseveg dagleg. Fleire stiller spørsmål om det er forsvarleg tilbod for elevane. Ved nedlegging av barnehagen i Stavang vil også dei små barna få ein lengre reiseveg dagleg og vil miste verdifull leike- og aktivitetstid.
- Innspel til sjølve prosessen. Fleire av høyringssvara peiker på at fristane har vore for korte i høve høyring, og at konsekvensane av skulenedlegging er for dårleg utgreidd.

Punkta det visast til her vart også peikt på i høyringsmøta som vart gjennomført i Stavang og Steinhovden den 18.mars. I tillegg vart det stilt spørsmål om korleis ein skal få til ein god overgang for elevane dersom skulane vert vedteken nedlagt i kommunestyremøte den 29.april. Da er det om lag 1,5 månad igjen av skuleåret, og mange uttrykte si bekymring for ei så kort overgangsperiode for elevane som skal byrje på nye skular.

Vurderingar:

Administrasjonen tek inn over seg alle innspel som er kome i høyringsrunden. Spesielt ser ein at tida spelar ei viktig rolle her. Med eit vedtak 29.april vert det kort tid for å få til ein god overgang for elevane. Gode overgangar er viktige for å gi ein god og trygg oppstart på ein ny skule. Situasjonen vi er i med ein pågåande pandemi gjer også at det er knytt stor usikkerheit til korleis samhandlinga i ein overgangsperiode kan skje. Det vert difor tilrådd at tidspunkt for nedlegging av Steinhovden og Stavang skule flyttast eit år fram i tid, til august 2022.

Økonomiske konsekvensar:

Effekten av skulenedlegging er tatt inn i økonomiplanen for 2021-2024. Ved utsetting av vedtak om nedlegging, må budsjettmidlane for dei to skulane leggst inn igjen. Kommunedirektøren vil i tida fram til revidering av budsjettet sjå på mogelege måtar å finansiere det på.

Vedlegg i saken:

Høyringsuttale - Kommunal forskrift for opptaksområde skule
Uttale på Kommunal forskrift om opptaksområde

metadata_Høyringsuttale
Høyringsuttale - Kommunal forskrift for opptaksområde skule
Høyringsvar-Opptaksområde skule
metadata_Høyringsuttale
Høyringsuttale - Kommunal forskrift for opptaksområde skule
Svar på høyring frå Steinhovden skule 30. mars 2021.pdf
metadata_Høyringsuttale
Høyringsuttale - Kommunal forskrift for opptaksområde skule
FAU Stavang skule og barnehage
metadata_Høyringsuttale
Høyringsuttale - Kommunal forskrift for opptaksområde skule
Høyringsuttale frå Stavøy grendalag-2
metadata_Høyringsuttale
Høyringsuttale - Kommunal forskrift for opptaksområde skule
Grendalaget, høyringsuttalelse
201204 debattinnlegg vedlegg A
Avis innlegg og artikler skulekamp 2020_21 vedlegg B
metadata_Høyringsuttale
Høyringsuttale - Kommunal forskrift om opptaksområde - Stavang Skule
Høyringsvar Kommunal forskrift om endring av opptaksområde Skule og Barnehage Kinn
Kommune.pdf
metadata_Høyringsuttale
Høyringsuttale - Nedlegging av Steinhovden skule
metadata_Høyringsuttale
Høyringsuttale - Nedlegging av Steinhovden skule
metadata_Høyringsuttale
Høyringsuttale - Høyringsvar for opptaksområde
Høyringsvar
metadata_Høyringsuttale
Høyringsuttale - Skulenedlegging
metadata_Høyringsuttale
Høyringsuttale - Kommunal forskrift for opptaksområde skule
metadata_Høyringsuttale
Høyringsuttale - Stavang skule
metadata_Høyringsuttale
Høyringsuttale - Bruksplan for skule og barnehage
metadata_Høyringsuttale
Høyringsuttale - Høyring opptaksområder
metadata_Høyringsuttale
Høyringsuttale - Nedlegging av Steinhovden og Stavang skule
metadata_Høyringsuttale
Høyringsuttale - Kommunal forskrift for opptaksområde skule - Steinhovden skule
Høyringsuttalelse Steinhovden skule FAU.docx
metadata_Høyringsuttale
Høyringsuttale - Høyringsvar for opptaksområde - Stavang skule og barnehage
Kommunal forskrift for opptaksområde - høyring
metadata_Høyringsuttale
Høyringsuttale - Stavang skule
metadata_Høyringsuttale
Høyringsuttale - Kommunal forskrift for opptaksområde skule - Stavang og Steinhovden
HØRING OPPTAKSOMRÅDE SKULE FLORA KINN 1.pdf
metadata_Høyringsuttale
Høyringsuttale - Forslag om nedlegging av Stavang barnehage
metadata_Høyringsuttale

Høyringsuttale - skulenedlegging
metadata_Høyringsuttale
Høyringsvar på kommunal forskrift på opptaksområde skule
Høyringsuttale - Følgjeskriv
metadata_Høyringsuttale
Innspel til folkemøte i Steinhovden 18. mars 2021
Invitasjon til folkemøte om høyring på forskrift på opptaksområde for skulane Stavang og Steinhovden
Tidspunkt for folkemøte i Stavang
Høyringsuttale - nedlegging Stavng skule
Uttale vedk. høyring - nedlegging av Stavang skule
metadata_Høyringsuttale
Stavang barnehage - Barnehagen som forsvann
Følgjeskriv
Høyringsuttale - Kommunal forskrift om opptaksområde - Standal Sanitetsforening
metadata_Høyringsuttale
Forlenga høyringsfrist til 30.03.2021 - Kommunal forskrift om opptaksområde - Stavang og Steinhovden
Høyringsuttale - Kommunal forskrift om opptaksområde
metadata_Høyringsuttale
Høyringsuttale frå Steinhovden skule FAU og Stavang skule FAU - Kommunal forskrift om opptaksområde m.m
Følgjeskriv
Høyringsuttale - Kommunal forskrift om opptaksområde
Høyringsuttale frå foreldra ved Solheim skule
metadata_Høyringsuttale
Høyringsuttale - Kommunal forskrift om opptaksområde
metadata_Høyringsuttale
Høyringsuttale - Kommunal forskrift om opptaksområde
metadata_Høyringsuttale
Kommunal forskrift om opptaksområde - høyring
02.12.20_Framlegg Bruksplan barnehage og skule
Kopi av Kinn-Prognosetabeller-20-oktober-2020
VEDLEGG 2.Bruksplan



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
029/21	Oppvekst- og kulturutvalet	13.04.2021
046/21	Kommunestyret	29.04.2021

Uttale til søknad om godkjenning av Høydalen friskule

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I si uttale til Utdanningsdirektoratet i samband med søknad om godkjenning av Høydalen friskule, er konklusjonen at Kinn kommune ikkje ynskjer etablering av ein ny friskule. I uttalen er det lagt vekt på kommunen si vanskelege økonomiske situasjon, og at etablering av ein ny friskule gjev økonomiske bindingar som hindrar kommunen i å gjere naudsynte økonomiske grep.

Oppvekst- og kulturutvalet 13.04.2021:

Handsaming:

Framlegg frå SV, foreslått av Ingunn Kjersti Frøyen, Kinn Sosialistisk Venstreparti
Kinn kommune stiller seg nøytral til oppretting av Høydelsfjord friskule:

Kommunalsjef Ellen Jåvold svarte på spørsmål.

SV-v/Ingunn Frøyen sitt framlegg til vedtak vart røysta opp mot kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vedtatt mot fire røyster, R-v/Hege Brandsøy, SV-v/Ingunn Frøyen og SP-v/Torgunn Eikevik og Tom Andre Vedvik Hopland.

OPKUV- 029/21 Vedtak:

I si uttale til Utdanningsdirektoratet i samband med søknad om godkjenning av Høydalen friskule, er konklusjonen at Kinn kommune ikkje ynskjer etablering av ein ny friskule. I uttalen er det lagt vekt på kommunen si vanskelege økonomiske situasjon, og at etablering av ein ny friskule gjev økonomiske bindingar som hindrar kommunen i å gjere naudsynte økonomiske grep.

Kommunestyret 29.04.2021:

Handsaming:

Fellesframlegg fra MDG, Sp, Rødt, SV, Frp og KrF, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne

«Kinn kommunestyre legg grunn at Høydal friskule berre vil bli realisert dersom ein eller fleire av

grendaskulene i området vert lagd ned. Ut frå dette premisset vurderar kommunestyret at skulen ikkje vil vere i negativ konkurranse med den offentlege skulen i kommunen, men tvert imot bidra positivt, gjennom kortare skuleveg for elevar i distriktet. Dette vil óg bidra positivt i klimarekneskapen gjennom redusert transport, og bidra til å holde liv i bygder i Kinn med lang reiseveg til næraste offentlege skule.»

Fellesframlegg fra AP, H og V, foreslått av Doris Christensen, Kinn Arbeiderparti

Kinn kommune er positive til mangfald i det pedagogiske tilbodet i kommunen. I denne saka som gjeld uttale til Utdanningsdirektoratet i samband med søknad om godkjenning av Høydalen friskule, er konklusjonen likevel at Kinn kommune ikkje ynskjer etablering av ein ny friskule. Kommunen legg størst vekt på kommunen sin utfordrande økonomiske situasjon, og at etablering av ein ny friskule gjev økonomiske bindingar som hindrar kommunen i å kunne gjere naudsynte økonomiske grep.

Røysting:

Fellesframlegget frå MDG, Sp, Raudt, SV, Frp og Krf falt med 19 mot 20 røyster.

KOST- 046/21 Vedtak:

Kinn kommune er positive til mangfald i det pedagogiske tilbodet i kommunen. I denne saka som gjeld uttale til Utdanningsdirektoratet i samband med søknad om godkjenning av Høydalen friskule, er konklusjonen likevel at Kinn kommune ikkje ynskjer etablering av ein ny friskule. Kommunen legg størst vekt på kommunen sin utfordrande økonomiske situasjon, og at etablering av ein ny friskule gjev økonomiske bindingar som hindrar kommunen i å kunne gjere naudsynte økonomiske grep.

Bakgrunn for saka:

Den 23.02.2021 mottok kommunen eit brev frå Utdanningsdirektoratet med anmodning om uttale i samband med søknad om godkjenning av Høydalen friskule. Kommunen har ein svarfrist på tre månadar. Administrasjonen har skreve ei uttale som skal handsamast i Oppvekst og kulturutvalet den 13.april og vidare i kommunestyret den 29.april.

Saksopplysningar:


Uttale til søknad om godkjenning av Høydalen friskule

Kinn kommune har motteke ei anmodning om uttale til søknad om godkjenning av Høydalen friskule. Som det også går fram av søknaden frå Høydalen friskule, er skulen tenkt etablert i eit område der det i dag er to små grendeskuler. Dei to skulane er Steinhovden skule (22 elevar i skuleåret 20/21) og Stavang skule (16 elevar i skuleåret 20/21). For tida er kommunen i ein prosess der begge skulane er forslått nedlagt. Sjølv vedtaket om og kor tid skulane skal leggjast ned kjem i møte i kommunestyre den 29.april.

Grunngjevinga for forslag om nedlegging er minkande elevtal og ei utfordrande kommuneøkonomi. Det er nyleg utarbeidd ein bruksplan for barnehage og skule i Kinn kommune, der nettopp desse to faktorene har vore sentrale for å sjå på ein framtidig og berekraftig skulestruktur. For å møte dei utfordringane kommunen står overfor knytt til demografi og sviktande inntekter, må det til ein omstillingsprosess i dei ulike sektorane i kommunen, skulesektoren er i så måte ikkje eit unntak. Med store innsparingskrav er det naudsynt å sjå på strukturelle grep, elles vil det berre bli ei utarming av skulane generelt.


Demografiutvikling i Kinn kommune

Som mange andre kommunar, har Kinn kommune ei demografiutvikling som går feil veg. Tal på barn og unge går ned, mens tal på eldre aukar i stor fart. Bilde under illustrera dette.



Med denne utviklinga må kommunen omprioritere bruken av budsjettmidlane frå oppvekst mot helse og omsorg. Og med den utviklinga må også kommunen gjere noko med skulestrukturen.

Tabellane nedanfor viser elevtalsutvikling i heile kommunen og for dei to grendeskulane. Tabellane er henta frå bruksplan for barnehage og skule, utarbeida av Norconsult i 2020.



Elevtal Stavang skule					Prognose →															
	16/17	17/18	18/19	19/20	20/21	21/22	22/23	23/24	24/25	25/26	26/27	27/28	28/29	29/30	30/31	31/32	32/33	33/34	34/35	35/36
1. årstrinn	1	6	3	3	0	1	3	3	1	1	2	1	1	2	1	1	2	1	1	2
2. årstrinn	0	1	4	3	3	0	1	3	3	1	1	2	1	1	2	1	1	2	1	1
3. årstrinn	6	0	1	4	3	3	0	1	3	3	1	1	2	1	1	2	1	1	2	1
4. årstrinn	4	6	0	1	4	3	3	0	1	3	3	1	1	2	1	1	2	1	1	2
5. årstrinn	3	4	5	0	1	4	3	3	0	1	3	3	1	1	2	1	1	2	1	1
6. årstrinn	3	3	3	5	0	1	4	3	3	0	0	2	2	0	1	2	1	1	2	1
7. årstrinn	0	3	3	3	5	0	1	4	3	3	0	0	2	2	0	1	2	1	1	2
sum 1-7	17	23	19	19	16	12	15	17	14	12	10	10	10	9	8	9	10	9	9	10

Elevtal Steinhovden skule					Prognose →															
	16/17	17/18	18/19	19/20	20/21	21/22	22/23	23/24	24/25	25/26	26/27	27/28	28/29	29/30	30/31	31/32	32/33	33/34	34/35	35/36
1. årstrinn	4	3	5	1	1	2	1	1	0	1	0	2	0	1	1	1	0	2	0	1
2. årstrinn	2	4	3	5	1	1	2	1	1	0	1	0	2	0	1	1	1	0	2	0
3. årstrinn	5	2	4	4	5	1	1	2	1	1	0	1	0	2	0	1	1	1	0	2
4. årstrinn	3	5	1	4	4	5	1	1	2	1	1	0	1	0	2	0	1	1	1	0
5. årstrinn	2	3	5	2	4	4	5	1	0	1	0	1	0	1	0	2	0	1	1	1
6. årstrinn	0	2	3	5	3	4	3	5	1	0	1	0	1	0	1	0	2	0	1	1
7. årstrinn	0	0	2	3	4	3	4	3	5	1	1	2	1	1	0	1	0	2	0	1
sum 1-7	16	19	23	24	22	20	17	14	10	5	4	6	5	5	5	6	5	7	5	6

Som det går fram av tabellane er det ei stor nedgang i elevtal i heile kommunen. Nedgangen får

verknad for dei aller fleste skulane uansett kor i kommunen dei er plassert. I bruksplan for barnehage og skule utarbeida av Norconsult i 2020, ser ein på ulike strukturalternativ, ikkje berre knytt til grendeskulane, men knytt til alle skulane ut i frå geografisk plassering.

Økonomiske utfordringar

Kinn kommune er ein samanslåingskommune, der tidlegare Vågsøy kommune og Flora kommune blei Kinn kommune i januar 2020. Begge dei to tidlegare kommunane hadde ei anstrengt kommuneøkonomi. Ein hadde vel eit håp om at samanslåinga skulle gje større økonomiske gevinstar enn det så langt har gjort.

Situasjonen for kommunen i dag er at vi har ei drift som ikkje er i balanse. Utgiftene i dei ulike sektorane er større enn kva vi har økonomisk dekning for, og det gjev store utfordringar i høve innsparingar. Som vist til tidlegare vil også folketalsnedgang gje mindre inntekter til kommunen, og dette vil i stor grad gje verknader for oppvekstsektoren der nedgangen i barne- og elevtal er stor. For å møte denne utfordringa må vi endre måten vi med anna driver skule på. Vi kan ikkje fortsette som før, da får vi mange skular med få elevar i kvar klasse, noko som betyr høge elevkostnadar. Difor må kommunen ta grep og endre skulestrukturen, det vil med anna seie å leggje ned dei minste skulane. Etablering av nok ein friskule i kommunen vil slå beina under kommunens handlefridom og moglegheit til å gjere dei naudsynte grepa for ein berekraftig skulestruktur. Det visast her til brevet frå Utdanningsdirektoratet der det står:

Endring av skulestruktur og budsjettmessige konsekvenser

I vurderingen legger vi blant annet vekt på de budsjettmessige konsekvenser etablering av en friskule vil kunne ha, for eksempel ved at etableringen vil legge vesentlige bindinger på skulestrukturen og dermed begrense muligheten til å foreta (om)prioriteringer mellom ulike tjenesteområder.

Utdanningsdirektoratet skriv også i sitt brev at: *det kan ha betydning at en kommune er eller nylig har vært på ROBEK-lista.*

Kinn kommune er ikkje på ROBEK-lista, og vi håper at vi ikkje hamnar der, men for å unngå det må vi gjere økonomiske prioriteringar og grep, så som strukturendringar innanfor skulesektoren. Ein ny friskule vil som tidlegare omtalt gje kommunen økonomiske bindingar og hindre ein berekraftig skulestruktur.

Kinn kommune ynskjer ikkje etablering av ein ny friskule, og håper at Utdanningsdirektoratet tek vår uttale på alvor i vurderinga om godkjenning. Skjebnet til dei to grendeskulane som Høydalen friskule er tenkt dekke opp for er ikkje avgjort enno. Dersom dei to skulane vert vedteken nedlagt er det fordi politikarane ser at strukturendring er eit grep som gjev innsparing som monnar. Dersom Høydalen friskule får godkjenning for etablering, vil store deler av den innsparinga bli borte.

Vurderingar:

Som det går fram av uttala, er det ikkje ynskjeleg med ei etablering av ein ny friskule, og ein støttar soleis ikkje ei godkjenning av Høydalen friskule.

Økonomiske konsekvensar:

Ein friskule får økonomisk tilskot frå staten. Dette tilskotet vert trukke frå ramma til vertskommunen. Høydalen friskule har søkt om godkjenning for 40 elevar. Tilskotet frå staten utgjer om lag 100 000 kr

per elev. For 40 elever vil dette utgjøre 4 millioner kroner, som vert trukke frå kommunen si ramme.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Vedlegg i saken:

Retting elevtal søknad om godkjenning av Høydalsfjord Friskule (org.nr. 916 574 509)

Ber om møte med kommunen - Høydalsfjord Friskule

Anmodning om uttalelse - Høydalsfjord Friskule - Søknad etter friskoleloven

Stadfesting Utdanningsdirektoratet innskotskapital

210112 Samordnet registermelding

Godkjent vedtak i Enhetsregisteret

Samordna registermelding Steinhovden Montessoriforening 2016

Signering Montessoriforening 2015

Engasjementsbrev signert revisor

Grunngjeving for godkjenning av Høydalsfjord Friskule

Ordensreglement Høydalan Friskule

Endring av namn og formål organisasjonsnummer

Vedtekter for Høydalsfjord Friskule (2)

Funksjonshemma elever (1)

Inntaksreglement

Elevtal og prognosar

Budsjett Høydalsfjord Friskule

Ny grunnskole etter friskoleloven

Søknad



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
006/21	Valnemnda	27.04.2021
047/21	Kommunestyret	29.04.2021

Val av oppvekst- og kulturutval

Framlegg til vedtak:

Desse representantane vert valde til oppvekst- og kulturutvalet:

1. Leif Magne Gil, leiar
2. Anett Berg, 1. nestleiar
3. Edvard Iversen, 2. nestleiar
4. Bengt Solheim-Olsen, medlem
5. Doris Christensen, medlem
6. Torgunn Elisabeth Eikevik, medlem
7. Fredrik Smiley Egeberg, medlem
8. Hege Brandsøy, medlem
9. Ingunn Kjersti Frøyen, medlem

Desse vert valde til varamedlemer i oppvekst- og kulturutvalet:

MDG/SV:

Marte Hollevik, MDG
Edvin Helgheim, SV
Geir Arne Solheim, MDG

Sp:

Henriette Skår
Olav Horn
Ann Petrin Kvalvåg

Rødt:

Daniel Henriksson
Kristin Oldeide
Ole Kristian Helland Hugøy

Ap:

Terese Gjerde
Majed Anwar Alkhaldi
Thea Louise Esp
Holger Aasen

Høgre:

Linda Vika- Svard
Ingvar Torsvik Myrvollen
Bente Olseth
Vebjørn Leite Olsen

Venstre:

Vivian Nordstrand
Sebastian Kvalheim
Weronica Nilsen Toftesund

Valnemnda 27.04.2021:

Handsaming:

Det vart ikkje gjort noko vedtak i saka.

VALN- 006/21 Vedtak:

Ingen vedtak.

Kommunestyret 29.04.2021:

Handsaming:

Valnemnda sitt forslag, foreslått av Arlene Vågane, Kinn Høyre

Desse representantane vert valde til oppvekst- og kulturutvalet:

1. Leif Magne Gil, leiar
2. Anett Berg, 1. nestleiar
3. Edvard Iversen, 2. nestleiar
4. Bengt Solheim-Olsen, medlem
5. Doris Christensen, medlem
6. Torgunn Elisabeth Eikevik, medlem
7. Fredrik Smiley Egeberg, medlem
8. Hege Brandsøy, medlem
9. Ingunn Kjersti Frøyen, medlem

Varamedlemmer i oppvekst- og kulturutvalet: MDG/SV:

Marte Hollevik, MDG
Edvin Helgheim, SV
Geir Arne Solheim, MDG

Sp:

Olav Horn
Henriette Skår
Ann Petrin Kvalvåg

Rødt:

Daniel Henriksson
Kristin Oldeide
Ole Kristian Helland Hugøy

Ap:

Terese Gjerde

Majed Anwar Alkhaldi
Thea Louise Esp
Holger Aasen

Høgre:
Linda Vika- Svard
Ingvar Torsvik Myrvollen
Bente Olseth
Vebjørn Leite Olsen

Venstre:
Vivian Nordstrand
Lasse Seim
Weronica Nilsen Toftesund

Ny vara frå Raudt, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Rødt
Ny korrigerert varaliste frå Raudt:
Daniel Henriksson
Kristin Oldeide
Pawel Jakubowicz

Røysting:
Samrøystes vedteke, med endring i varalista til Raudt.

KOST- 047/21 Vedtak:

Desse representantane vert valde til oppvekst- og kulturutvalet:

1. Leif Magne Gil, leiar
2. Anett Berg, 1. nestleiar
3. Edvard Iversen, 2. nestleiar
4. Bengt Solheim-Olsen, medlem
5. Doris Christensen, medlem
6. Torgunn Elisabeth Eikevik, medlem
7. Fredrik Smiley Egeberg, medlem
8. Hege Brandsøy, medlem
9. Ingunn Kjersti Frøyen, medlem

Varamedlemmer i oppvekst- og kulturutvalet:

MDG/SV:

Marte Hollevik, MDG
Edvin Helgheim, SV
Geir Arne Solheim, MDG

Sp:

Olav Horn
Henriette Skår
Ann Petrin Kvalvåg

Raudt:

Daniel Henriksson
Kristin Oldeide
Pawel Jakubowicz

Ap:

Terese Gjerde
Majed Anwar Alkhaldi
Thea Louise Esp
Holger Aasen

Høgre:

Linda Vika- Svard
Ingvar Torsvik Myrvollen
Bente Olseth
Vebjørn Leite Olsen

Venstre:

Vivian Nordstrand
Lasse Seim
Weronica Nilsen Toftesund

Bakgrunn for saka:

Vedlagt følger skriv frå statsforvaltaren i samband med lovlegkontroll av tidlegare valsak. Nyval av oppvekst- og kulturutval og samferdsleutval i Kinn kommune er ei direkte følge av dette skrivet.

Saksopplysningar:

Vurderingar:

«Skriv her»

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Vedlegg i saken:

Lovlegkontroll av kommunestyrevedtak i sak 16520 i Kinn kommune - Val av kontrollutval
(L)(197803)



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
007/21	Valnemnda	27.04.2021
048/21	Kommunestyret	29.04.2021

Val av samferdsleutval

Framlegg til vedtak:

Desse representantane vert valde til samferdsleutvalet:

Leiar: Vidar Grønnevik (H)

Nestleiar: Vivian Nordstrand (V)

Kim Gunnar Jensen (Ap)

Marianne Kvamme (Sp)

Gustav Johan Nydal (Krf)

Varamedlemer til samferdsleutvalet:

Ap

Terese Gjerde

Lars Terje Standal

Doris Christensen

Sp/ Krf

Anita Eikevik

Einar Vereide

Martha Leirvik (Krf)

Høgre:

Morten Andreas Hagen

Venstre:

Jan Henrik Nygård

Klaus Iversen

Marit Barsnes Krogsæter

Valnemnda 27.04.2021:

Handsaming:

Det vart ikkje gjort noko vedtak i saka.

VALN- 007/21 Vedtak:

Ingen vedtak.

Kommunestyret 29.04.2021:

Handsaming:

Forslag frå Valnemd, foreslått av Arlene Vågene, Kinn Høyre

Val av samferdsleutval

Framlegg til vedtak:

Desse representantane vert valde til samferdsleutvalet: Leiar: Vidar Grønnevik (H)

Nestleiar: Vivian Nordstrand (V)

Kim Gunnar Jensen (Ap)

Marianne Kvamme (Sp) Gustav Johan Nydal (Krf)

Varamedlemer til samferdsleutvalet:

Ap

Terese Gjerde

Lars Terje Standal

Doris Christensen

Sp/ Krf

Anita Eikevik

Einar Vereide Martha Leirvik (Krf)

Høgre:

Morten Andreas Hagen

Hanne Husebø Kristensen

Venstre:

Jan Henrik Nygård

Klaus Iversen

Marit Barsnes Krogsæte

Senterpartiet: Helge Terøy vert føreslått som vara til erstatning for Einar Vereide.

Røysting:

Samrøystes vedteke, med endring i varalista til Sp.

KOST- 048/21 Vedtak:

Framlegg til vedtak:

Desse representantane vert valde til samferdsleutvalet:

Leiar: Vidar Grønnevik (H)

Nestleiar: Vivian Nordstrand (V)

Kim Gunnar Jensen (Ap)

Marianne Kvamme (Sp)

Gustav Johan Nydal (Krf)

Varamedlemer til samferdsleutvalet:

Ap

Terese Gjerde

Lars Terje Standal

Doris Christensen

Sp/ Krf

Anita Eikevik

Helge Terøy

Martha Leirvik (Krf)

Høgre:

Morten Andreas Hagen

Venstre:

Jan Henrik Nygård

Klaus Iversen

Marit Barsnes Krogsæter

Bakgrunn for saka:

Vedlagt følger skriv frå statsforvaltaren i samband med lovlegkontroll av tidlegare valsak. Nyval av oppvekst- og kulturutval og samferdsleutval i Kinn kommune er ei direkte følge av dette skrivet.

Saksopplysningar:

«Skriv her»

Vurderingar:

«Skriv her»

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Vedlegg i saken:

Lovlegkontroll av kommunestyrevedtak i sak 16520 i Kinn kommune - Val av kontrollutval
(L)(197803)



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
025/21	Formannskapet	20.04.2021
049/21	Kommunestyret	29.04.2021
	Kommunestyret	

Rapport finans- og gjeldsforvaltning per 31.12.2020

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre tar finansrapport per 31.12.2020 til vitande

Formannskapet 20.04.2021:

Handsaming:

Røysting:

Samrøystes vedteke.

FORM- 025/21 Vedtak:

Kinn kommunestyre tar finansrapport per 31.12.2020 til vitande

Kommunestyret 29.04.2021:

Handsaming:

Røysting:

Saka vert utsett samrøystes.

KOST- 049/21 Vedtak:

Saka vert utsett

Bakgrunn for saka:

Forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner stiller krav til kommunen si finans- og gjeldsforvaltning, og rapportering av dette til kommunestyret.

Saksopplysningar:

Kommunestyret har i vedtatt finansreglement av 17.12.2020 angitt formål og rammer for følgande

forvaltningstypar:

- midlar som skal forvaltas med låg risiko og høg likviditet (kortsiktig likviditet)
- midlar med lang tidshorisont
- kommunen sin gjeldsportefølje og andre finansieringsavtalar

Vedlagt denne saka ligg Rapport over kommunen si finans- og gjeldsforvaltning per 31.12.2020. Finansrapporten er også publisert som del av digital årsrapport 2020 for Kinn kommune.

Rapporten tar utgangspunkt i eit rapportutkast utarbeidd av Bergen Capital Management.

Finansrapporten omfattar låneporteføljen til kommunen som juridisk eining. Lånegjeld knytt til dei kommunale føretaka er med det inkludert i rapporten.

Rentenivået i pandemiåret 2020 har vore ekstremt lågt. Legg difor særskilt merke til vurdering av *renterisiko* og *stresstest*. I rapporten går det fram at lånegjeld med renterisiko på kort sikt utgjør 466 millionar kroner, eller 18,4% av lånegjelda som er lagt til grunn i rapporten. Dersom renta stig med 2 prosentpoeng viser stresstesten at kommunen i utgangspunktet vil få ei netto økonomisk utfordring på 9,3 millionar kroner. Renterisikoen for kommune er med det å sjå på som moderat. Merk likevel at stresstesten forutsetter at ei renteauke på 2 prosentpoeng knytt til investeringar innan sjølvkostområda vatn, avløp og renovasjon (VAR), på berekna 11,5 millionar kroner (574,4 mill *0,02), vert dekkja innafor tilhøyrande brukarbetalingar, og at det ikkje er stort avvik mellom kommunen si flytande innlånsrente og lovfesta VAR-kalkylerente. Dagens kommunale VAR-avgifter er basert på eit lågt rentenivå, noko som utgjør ein risiko også for den ordinære kommunale drifta.

Vurderingar:

Konklusjon i rapporten: Forvaltning av kommunen si finansportefølje er tilfredsstillande.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen direkte økonomisk konsekvens knytt til denne saka.

Sjå likevel vurdering av renterisiko, og stresstest ved eventuell auke i renta på 2 prosentpoeng.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

- lov av 22. juni 2018 om kommuner og fylkeskommuner (den nye kommuneloven)
- forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner. Forskriften har hjemmel i ny kommunelov § 14-13
- reglement for finans- og gjeldsforvaltning, Kinn kommune, vedtatt 17.12.2020

Sentrale bestemmelser:

- Forbud mot vesentlig finansiell risiko - Kommuneloven §14-1, 3. ledd og §14-13
- Krav om finansreglement – Kommuneloven §14-3, e)
- Bestemmelser om finansforvaltning, rapportering og dokumentasjon – Kommuneloven §14-13
- Krav til finansreglementet – Forskrift nr. 1520 kapittel 2
- Stortingsproposisjon Prop. 46 L (2017–2018 og NOU 2016:4 (forarbeidene til loven)

Vedlegg i saken:

Rapport finans- og gjeldsforvaltning per 31.12.2020

Andre dokumenter i saken:

Rapport finans- og gjeldsforvaltning per 31.12.2020



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
050/21	Kommunestyret	29.04.2021

Skjenkeløyve Vesle Kinn - uteservering i bakgården

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vesle Kinn, org. nr. 918 738 940 får løyve til servering og skjenking av alkoholhaldig drikk i bakgården jf godkjente teikningar. Løyvet gjeld fram til og med 30.09.2024, men føreset gyldig leigeavtale med grunneigar. Krav i leigeavtalen må ligge til grunn for handheving av skjenkeløyvet. Dersom leigeavtalen vert endra eller opphøyrer, vert skjenkeløyvet endra tilsvarande.

Vedteke opnings- og skjenketid:

Skjenkestad	Skjenketider		Opningstider	
	Under 22 %	Over 22 %	Uteservering til	Ope til
Vesle Kinn	08.00-02.00	13.00-02.00	03.00	03.00

Opningstider yrkedagar: Frå kl 16.00.

Kommunestyret 29.04.2021:

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren var samrøystes vedteke.

KOST- 050/21 Vedtak:

Vesle Kinn, org. nr. 918 738 940 får løyve til servering og skjenking av alkoholhaldig drikk i bakgården jf godkjente teikningar. Løyvet gjeld fram til og med 30.09.2024, men føreset gyldig leigeavtale med grunneigar. Krav i leigeavtalen må ligge til grunn for handheving av skjenkeløyvet. Dersom leigeavtalen vert endra eller opphøyrer, vert skjenkeløyvet endra tilsvarande.

Vedteke opnings- og skjenketid:

Skjenkestad	Skjenketider		Opningstider	
	Under 22 %	Over 22 %	Uteservering til	Ope til
Vesle Kinn	08.00-02.00	13.00-02.00	03.00	03.00

Opningstider yrkedagar: Frå kl 16.00.

Bakgrunn for saka:

Vesle Kinn søker om utvida bruk av bakgården som skjenkeområde.

Saksopplysingar:

Vesle Kinn AS fekk i juli 2020 løyve til servering og skjenking av alkoholhaldig drikk i sine lokaler i Strandgata i Florø, med tilhøyrande uteservering på framsida mot gata, og i bakgården, for mange betre kjent som delar av bankhola.

Grunna det planlagde prosjektet med bygging av nytt administrasjonsbygg i bankhola, vart det semje mellom leigetakar og utleigar at løyve skulle gjelde for eitt år i gangen. Vidare var førestnad for løyvet at det ikkje kom i konflikt med realisering av kommunen sitt nye administrasjonsbygg.

Vurderingar:

Å måtte søke om uteservering i bakgården kvart år vert litt tungvint både for leigetakar og for utleigar. Det er difor semje om å støtte at Vesle Kinn kan få fast løyve til uteservering i bakgården fram til 30.09.2024, same tidsrom som gjeld for alle faste løyver i kommunen. Føresetnaden for at slikt løyve kan gjevast, er at det ligg føre ein gyldig leigeavtale. Dersom leigeavtalen vert endra eller opphøyrer, vert skjenkeløyvet endra tilsvarande.

Då uteserveringa til Vesle Kinn ligg like inntil arbeidsplassar, har det vore semje mellom utleigar og leigatakar at uteservering ikkje skal skje før kl 16 på yrkedagar. Elles kan uteservering skje til vanlege opningstider.

Elles gjeld dei krav og føresetnader som vart vedtatt i opphavleg gjeve løyve.

Kommunedirektøren rår til at løyve vert gjeve som framlegget viser.

Økonomiske konsekvensar:

Dette tilleggsløyvet vil ikkje ha økonomiske konsekvensar ut over dei som følgjer med det faste løyvet.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Lov om serveringsvirksomhet \(serveringsloven\)](#) med seinare tillegg og endringar.

[Lov om omsetning av alkoholhaldig drikk av 02.06.1989, nr. 27 \(alkohollova\)](#) med seinare tillegg og endringar.

[Forskrift av 08.06.2005 nr. 538 om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v](#) med seinare tillegg og endringar.

[Forskrift av 15.12.1994 nr. 1187 om internkontroll for å oppfylle næringsmiddelovgjevinga.](#)

[Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer](#), godkjent i kommunestyre i sak 046/20, den 20. april 2020.

Vedlegg i saken:

Vesle Kinn - Kart uteservering bakgården



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
051/21	Kommunestyret	29.04.2021

Søknad om uteservering - Pop-Up Norge AS

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Pop-Up Norge AS får løyve til utandørs servering av alkohol på godkjent område ved inngang til Kraftstasjonen, mot Gate 1, jf bilde lagt ved søknaden. Dette som eit tillegg til løyvet som vart gjeve i kommunestyresak 018/21. Skjenkeområdet må ikkje settast opp slik at det kan verte til hinder for framkomst av rullestolbrukarar eller andre på fortauet foran Kraftstasjonen.

Kommunestyret 29.04.2021:

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

KOST- 051/21 Vedtak:

Pop-Up Norge AS får løyve til utandørs servering av alkohol på godkjent område ved inngang til Kraftstasjonen, mot Gate 1, jf bilde lagt ved søknaden. Dette som eit tillegg til løyvet som vart gjeve i kommunestyresak 018/21. Skjenkeområdet må ikkje settast opp slik at det kan verte til hinder for framkomst av rullestolbrukarar eller andre på fortauet foran Kraftstasjonen.

Bakgrunn for saka:

Pop-Up Norge søker om å få skjenke alkoholhaldig drikk på uteområde ved inngangen til Kraftstasjonen.

Saksopplysningar:

18. februar fekk Pop-Up Norge AS løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk ved Kraftstasjonen restaurant i Måløy, kommunestyresak 018/21. Dei søkte då ikkje om uteservering. No er dei komt i gang med drifta, og søker om å få servere alkohol på framsida av restauranten, mot gata. Dei har sendt inn bilete som viser omsøkt område. Dette er vedlagt saka.

Vurderingar:

Søknaden kom inn til kommunen i månadsskiftet mars/april, like før påske. Det var difor for kort tid til å handsame søknaden i tide til møtet i fagutvalet 13. april. Då det er så kort tid sidan Pop-Up Norge fekk løyvet sitt, ser ikkje kommunen at det har skjedd noko på denne tida som kan endre dei vurderingane som vart gjort av NAV i forkant av handsaminga i kommunestyret i februar. Då hadde NAV ingen merknader til søknaden. Difor vurderer kommunedirektøren at denne søknaden kan gå direkte til kommunestyret for endeleg avgjerd, og

ikkje gå veien via fagutvalet, noko som vil forseinke endeleg handsaming av søknaden. Tidlegare drivarar av Kraftstasjonen har også hatt løyve til uteservering på same område. Dette er dermed ikkje noko nytt tilbod som ikkje har vore i Måløy sentrum tidlegare.

Kommunen ved Teknisk drift, som utleigar for uteområdet, presiserer at skjenkeområdet ikkje må settast opp slik at det vert til hinder for passering av rullestolar, barnevogner og liknande på fortauet foran skjenkeområdet. Reklamestativ og annan informasjon kan difor heller ikkje stillast opp på framsida av skjenkeområdet.

Kommunedirektøren rår til at løyve vert gjeve som framlegget viser.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen konsekvensar ut over det som gjeld for opprinneleg gjeve løyve.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Lov om omsetning av alkoholhaldig drikk av 02.06.1989, nr. 27 \(alkohollova\)](#) med seinare tillegg og endringar.

[Forskrift av 08.06.2005 nr. 538 om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v](#) med seinare tillegg og endringar.

[Forskrift av 15.12.1994 nr. 1187 om internkontroll for å oppfylle næringsmiddelovgjevinga.](#)

[Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer](#), godkjent i kommunestyre i sak 046/20, den 20. april 2020.

Vedlegg i saken:

Bilde - Uteservering Kraftstasjonen



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
052/21	Kommunestyret	29.04.2021

Havfruen Måløy - løyve til midlertidig skjenkeområde

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Havfruen Måløy, org. nr. 925 064 718, får midlertidig løyve til uteservering på godkjent uteområde på torget jamfør innsendte teikningar. Godkjenninga gjeld til og med 01.10.2021. Havfruen Måløy pliktar å halde forsvarleg vakthald for skjenkeområdet.

Kommunestyret 29.04.2021:

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

KOST- 052/21 Vedtak:

Havfruen Måløy, org. nr. 925 064 718, får midlertidig løyve til uteservering på godkjent uteområde på torget jamfør innsendte teikningar. Godkjenninga gjeld til og med 01.10.2021. Havfruen Måløy pliktar å halde forsvarleg vakthald for skjenkeområdet.

Bakgrunn for saka:

Havfruen Måløy har søkt om godkjenning av midlertidig skjenkeområde i samband med ombygging av eksisterande skjenkeområde.

Saksopplysningar:

Havfruen Måløy fekk i kommunestyresak 127/20 løyve til servering og skjenking av alkoholhaldig drikk i sine lokaler på torget i Måløy, med tilhøyrande uteområde ved inngangspartiet. Dei ønsker no å utvide, og har fått byggeløyve til å kle inne dagens uteområde. I denne byggeperioden ønsker dei å nytte eit tilliggande uteområde til uteservering.

Vurderingar:

Byggeløyve til tilbygget vart gjeve i september 2020, og løyve til disponering av grunn for midlertidig skjenkeområde er gjeve av Kinn kommune ved Teknisk drift i mars 2021. Havfruen Måløy har laga planar for å ivareta vakthald med det midlertidige skjenkeområdet.

Då Havfruen allereie har eit eksisterande skjenkeløyve, vurderer kommunedirektøren at denne søknaden om midlertidig utviding av eksisterande løyve kan gå direkte til kommunestyret for endeleg avgjerd.

Dei har allereie løyve til skjenking på dagens uteområde. Ei ombygging ved å sette opp veggjar og tak

rundt eksisterande uteområde utløyser ikkje trong for å søke om nytt skjenkeløyve. Dei må derimot få løyve på det midlertidige området lenger inne på kaiområdet. Det er dette dei søker om her. Kartskisse som viser midlertid skjenkeområdet ligg ved saka. Ombyggingsarbeidet er planlagt ferdig til sommaren, men Havfruen disponerer likevel dette tilleggsområdet fram til 1. oktober, i fall det vet forseinkingar. Skjenkeløyvet er lagt opp til å gjelde like lenge.

Kommunedirektøren rår til at løyve vert gjeve som framlegget viser.

Økonomiske konsekvensar:

Dette tilleggsloyvet vil ikkje ha økonomiske konsekvensar utover dei som følgjer med det faste løyvet.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Lov om serveringsvirksomhet \(serveringsloven\)](#) med seinare tillegg og endringar.

[Lov om omsetning av alkoholhaldig drikk av 02.06.1989, nr. 27 \(alkohollova\)](#) med seinare tillegg og endringar.

[Forskrift av 08.06.2005 nr. 538 om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v](#) med seinare tillegg og endringar.

[Forskrift av 15.12.1994 nr. 1187 om internkontroll for å oppfylle næringsmiddelovgjevinga.](#)

[Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer](#), godkjent i kommunestyre i sak 046/20, den 20. april 2020.

Vedlegg i saken:

Midlertidig areal for Havfruen



Kinn kommune

Arkiv: PlanNamn-Privat
detaljreguleringsplan
fritidsbustad,
PlanType-35, FA-L12,
GBN-93/1
JournalpostID: 21/14374
Sakshandsamar: Øyvind Bang-Olsen
Dato: 24.03.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
031/21	Plan-, miljø og næringsutvalet	13.04.2021
053/21	Kommunestyret	29.04.2021

Sluttbehandling - Privat detaljregulering for Eikevik, Stavøy - Gbnr. 93/1 mfl. - Fritidsbustad. Planid 20200109

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Privat detaljregulering for Eikevik, Stavøy - Gbnr. 93/1 mfl. - Fritidsbustad. Planid 20200109, med planomtale og ROS-analyse, plankart og føresegner sist datert 17.03.2021 (revisjon 3).
- 2.

Plan-, miljø og næringsutvalet 13.04.2021:

Handsaming:

Habilitet: Nødseth sin onkel er tiltakshavar i sak 30. Han vert av utvalet samrøystes vurdert som habil.

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

PMNUV- 031/21 Vedtak:

Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Privat detaljregulering for Eikevik, Stavøy - Gbnr. 93/1 mfl. - Fritidsbustad. Planid 20200109, med planomtale og ROS-analyse, plankart og føresegner sist datert 17.03.2021 (revisjon 3).

Kommunestyret 29.04.2021:

Handsaming:

Hilmar Eliasson stiller spørsmål eigen habilitet sidan IVest Consult har hatt arbeid i samband med reguleringa. Han vert samrøystes vurdert som habil.

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.


KOST- 053/21 Vedtak:

Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Privat detaljregulering for Eikevik, Stavøy - Gbnr. 93/1 mfl. - Fritidsbustad. Planid 20200109, med planomtale og ROS-analyse, plankart og føresegner sist datert 17.03.2021 (revisjon 3).

Kva saka gjeld:

Hyttefelt på Eikevik på Stavøy er tenkt vidareutvikla gjennom utbetring og nyetablering av bygg og anlegg. Dette inneber mellom anna;

- erstatning av ei hytte som vert rive med nybygg
- utviding av hyttefelt med ei tomt
- stadfesting av gitte løyver for rorbuer
- transformasjon av eitt naust til rorbu
- etablering av nytt naust
- utvikling av eldre meldepliktig SEFRAK-registrert naust i samråd med kulturmyndasa
- vidareutvikling av bryggeområde/kai



Figur 1: Lokalisering planområdet (til venstre) og varsla avgrensing av planområde (til høgre)

Innleiing/utgreiing:

Planforslaget

Forslag til Privat detaljregulering for Eikevik, Stavøy - Gbnr. 93/1 mfl. – Fritidsbustad, Planid 20200109, er utarbeidd av iVest Consult as på oppdrag frå Per Nødseth.

Bakgrunn for saka og skildring av tiltak går fram av vedlagt planforslag, revisjon 3, forslaget med tilhøyrande planomtale med ROS-analyse.

Formålet med reguleringa/omreguleringa

Formålet med reguleringa er å leggje til rette for oppgradering/ nybygging av eksisterande hytter, naust og rorbu (naust med innreia 2.etasje for fritidsbustad), samt stadfesting av dagens situasjon. Det vert i tillegg lagt til rette for ei ny hytte på eksisterande hyttetomt og eit nytt naust, samt stadfeste og utbetre eksisterande situasjon for småbåthamn. Hyttefeltet er tilrettelagt med

sjøtilkomst. Eksisterande sti frå fylkesvegen, ca 1 km unna, inngår ikkje i plan.

Forhold til overordna planar

Planforslaget er hovudsak i tråd med arealdelen i kommuneplanen. Området er i kommuneplanen arealdel av 21.03.2017 sett av til bygging med arealformål Fritidsbustader, med krav om reguleringsplan. Unntaket frå kommuneplanen sine føringar ligg i to allereie etablerte rorbuer (BAA1 og BAA3) langs sjøen som det tidlegare er gitt løyve til. I planforslaget er også det eit tredje eksisterande naust (BAA2) omregulert til rorbu. Utnyttingsgrad for etablerte rorbuer er høgare enn det som er gitt for naust i gjeldande kommuneplan. Eksisterande storleik på rorbuene vert i hovudsak vidareført.

Førstegongsbehandling

Planforslaget vart førstegongsbehandla av Plan- og samfunnsutvalet den 26.05.2020, sak 035/20. Utvalet vedtok å fremje saka, sende henne på høyring og leggje henne ut til offentleg ettersyn med nokre justeringar.

Høyringsfråsegner

Planforslaget vart lagt ut til offentleg ettersyn i perioden frå 05.06.2020 til 07.08.2020. I same periode vart forslaget sendt til fråsegn mellom anna til regionale myndigheiter, grunneigarar som forslaget ville få konsekvensar for, og tenesteområde i kommunen. Det kom inn totalt 3 fråsegner, alle frå offentlege instansar, og derav 1 motsegn (sjå avsnitt om motsegn nedanfor). Innspel og motsegn følgjer saka som utrykte vedlegg. Hovudtrekka i merknadene er refererte i eit eige vedlegg til denne saka.

Endringar etter førstegongsbehandling

Dei viktigaste endringane etter offentleg høyring er:

- Areal til småbåtanlegg i sjø (BSB) er redusert i omfang, og erstatta med bruk og vern i sjø.
- For Rorbuene BAA2 og BAA3 er tillate utnyttingsgrad redusert frå maks BYA=100m² til maks BYA=75m², og krav om at første etasje kun skal nyttast til marine aktivitetar. Opphald i andre etasje kan nyttast til fritidsbustad.
- Det er knytt føresegner til brannsikring i mellom etasjane.
- Areal til småbåtanlegg i strandsone (BBS1) er redusert i omfang, slik at det ikkje vert utført terrenginngrep på svaberg.
- Endring av naust BUN1 kan skje i samråd med kulturmynda.



Figur 2. Plankart utlagt til offentlig høyring til venstre og plankartforslag til godkjenning til høgre.

Motsegner

Fylkesmannen/Statsforvaltaren varsla motsegn til planen i sin høyringsuttale datert 10.07.2020. Motsegna var mellom anna fremja på grunnlag av at dei samla utbyggingstiltaka, etter deira vurdering, var i strid med dei statlege planretningslinene for differensiert forvaltning av strandsona og at planen ville føre til eit ytterlegare privatisering av strandsona i området. Moment i motsegn var:

- Transformering av naust til rorbuar
- Omfang av BSB (småbåthamn i sjø)
- Synleggjering av landskapsverdiar

Kommunestyret kan ikkje vedta reguleringsplanen, før motsegn er avklart/trekt. Dersom kommunen og Statsforvaltaren ikkje kjem til semje i saka, kan kommunestyret beslutte å sende planen til departementet for avgjerd, jfr. Plan- og bygningslove §12-13.

Vurdering:

Innkomne merknader

Vurderinga av dei enkelte innkomne fråsegnene kjem fram av vedlegget med oppsummering av merknadane.

Motsegner

Det er gjort endringar i planforslaget for å rette seg etter motsegna frå Statsforvaltaren, sjå og avsnitt ovanfor om oppsummering av viktigaste endringar etter førstegongshandsaming. Gjennom drøftingar og dialog har Statsforvaltaren akseptert at rorbuene kan inngår i plan, når storleik er redusert som foreslått i sist reviderte føresegn. Landskapsomsyn er og vurdert tilstrekkeleg synleggjort ved at BBS1 vert redusert. Motsegna er no trekt (sjå vedlegg i saka), og kommunestyret kan gjere endeleg planvedtak.

Samla vurdering:

Planforslaget er godt gjennomarbeidd og varetek nødvendige omsyn for vidareutvikling og utbetring av etablert hyttefelt. Planforslag er justert og redusert etter dialog med Statsforvaltaren. Kulturinteresser knytt til eldre naust er ivareteke i revidert planforslag.

Med bakgrunn i utgreiinga ovanfor tilrår kommunedirektøren at planforslaget Privat detaljregulering for Eikevik, Stavøy - Gbnr. 93/1 mfl. – Fritidsbustad, Planid 20200109, sist revidert 17.03.2021, blir vedteke.

Økonomiske konsekvensar:

Planen har ikkje økonomiske konsekvensar for kommunen

Miljømessige konsekvensar:

Dei miljømessige konsekvensane er utgreidd i planomtalen.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar mm:

Plan og bygningslova med forskrifter.

Vedlegg i saken:

Innkomne merknadar off høyring

Trekking av motsegn - Kinn - (Flora) - 93/7 m fl - Eikevik på Stavøy - hytter / naust / rorbu - detaljregulering

20200109_Plankart_Eikevik_20210317_Rev3_A3-L

20200109_Føresegner_Eikevik_20210317_Rev3_rød

20200109_Planomtale_m-ROS_Eikevik_20210317_Rev3

Vedlegg_Vurdering Skredfare_Russenes, 2017_Rapport 17 - 31 Flora - Eikevik - Stavøy (L)(34148)



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
036/21	Kommunestyret	25.03.2021
054/21	Kommunestyret	29.04.2021

Deltaking i Fjordane interkommunalt politisk råd

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kinn kommune ser positivt på å etablere Fjordane interkommunalt politisk råd
2. Kinn kommune vil delta i rådet dersom det vert oppretta som ei forsøksordning i tre år.

Kommunestyret 25.03.2021:

Handsaming:

Alternativt framlegg frå FrP, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti
Kommunestyret i Kinn ser ikkje behov for ytterlegare eit interkommunalt politisk råd, og syner til at Kinn kommune allereie deltek i Nordfjordrådet, Samarbeidsforum i Sunnfjord og Kystrådet. Kinn kommune ynskjer difor ikkje å delta i endå eit regionrådssamarbeid.

Sak utsett til neste møte i kommunestyret 29.04.2021.

KOST- 036/21 Vedtak:

Sak utsett til neste møte i kommunestyret 29.04.2021.

Kommunestyret 29.04.2021:

Handsaming:

Frå Frp, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti
Kommunestyret i Kinn ser ikkje behov for ytterlegare eit interkommunalt politisk råd, og syner til at Kinn kommune allereie deltek i Nordfjordrådet, Samarbeidsforum i Sunnfjord og Kystrådet. Kinn kommune ynskjer difor ikkje å delta i endå eit regionrådssamarbeid

Korrigert framlegg fra MDG, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne

"Det er ein føresetnad at rådet erstatter Nordfjordrådet, HAFS Regionråd og Samarbeidsforum i Sunnfjord som regionråd etter ny kommunelov, og at Nordfjordrådet i prøveperioden vil vurdere å gå inn i dette, slik dei andre råda har gjort."

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke mot røystene til Raudt, Frp og Sp.

Framlegget til Frp ved Djuvik falt mot røystene til Raudt, Frp og Sp.

Framlegget til MDG ved Bovim vart samrøystes vedteke.

KOST- 054/21 Vedtak:

1. Kinn kommune ser positivt på å etablere Fjordane interkommunalt politisk råd
2. Kinn kommune vil delta i rådet dersom det vert oppretta som ei forsøksordning i tre år.
3. Det er ein føresetnad at Fjordane Interkommunale politiske råd på sikt skal erstatte Nordfjordrådet, Samarbeidsforum i Sunnfjord og Kystrådet som regionråd etter ny kommunelov, og at Nordfjordrådet i prøveperioden vil vurdere å gå inn i dette, slik dei andre råda har gjort.

Bakgrunn for saka:

Etter reforma med nye samanslåtte kommunar og nytt fylke, har drøftingane om regionsamarbeidet pågått ei stund. Kinn kommune deltek i dag i Samarbeid i Sunnfjord (SiS) og Nordfjordrådet.

Eit tredje samarbeidsorgan er Kystrådet. Der er kystkommunane i tidlegare Sogn og Fjordane medlemmer. Rådet vart oppretta som følge av *Strategisk plan for kysten*, vedtatt av fylkestinget i forkant av fylkessamanslåinga.

Kommunane Sunnfjord, Gloppen, Stad og Stryn tinga våren 2020 ei utgreiing av mulige modellar for framtidig regionalt samarbeid. Kinn og Bremanger slutta seg også til utgreiingsarbeidet. HAFS-kommunane deltok ikkje i utgreiingsarbeidet, men fatta i november 2020 eit vedtak om at dei ønskjer å slutte seg til eit regionsamarbeid.

Rapporten vart utarbeidd av PWC og peikte på to alternativ:

1. Separate regionråd for Nordfjord og Sunnfjord, men med samarbeidsavtale som sikrar felles stemme, ressursmobilisering og innsats der råda har felles interesser
2. Etablerer felles regionråd for kommunane i Nordfjord og Sunnfjord, og la Nordfjordrådet og SiS (Samarbeid i Sunnfjord) opphøyre.

Ut frå tilbakemeldingane i arbeidet, vurderte PwC alternativ 1 som mest hensiktsmessig/realistisk på kort sikt, men med mål om å arbeide i retning felles regionråd.

På møtet i november uttrykte Sunnfjord og Kinn ønskje om å gå «rett på» eit felles regionråd. Bremanger såg det som ei god løysing så lenge ein ivaretek målet om å jobbe godt både lokalt og regionalt.

Stryn, Gloppen og Stad peika på at det er viktig å halde fram og styrke det gode samarbeidet ein har hatt dei seinare åra i Nordfjord. Då er det naturleg å gå vidare med ein variant av alternativ 1 med forsterka samarbeid, heller enn å legge ned dagens regionråd. Eventuelt ein modell som gjer at ein får på plass ei god overbygging for heile regionen, samtidig som ein held fram med dagens prioriterte oppgåver i Nordfjordrådet knytt til utvikling av Nordfjord som bu- og arbeidsmarknadsregion.

Som oppfølging av rapporten og møtet på Sandane i november 2020, fekk kommunedirektørane i oppgåve å kome med ei tilråding til samarbeidsmodell. Det er levert frå kommunedirektørane i form av framlegg til vedtekter for eit «Fjordane Interkommunalt politisk råd», jmf vedlegg til saka. Dei er grunnlag for seinare drøftingar og vert ikkje tatt stilling til no.

Saksopplysningar:

Saka har vore arbeidd vidare med i dialog mellom leiar i Nordfjordrådet og Sunnfjord kommune. Ut frå desse drøftingane er det no laga ei ny skisse til løysing som i korte trekk er:

- Det blir etablert eit «Fjordane Interkommunalt politisk råd» som fungerer som ei overbygning over dagens regionråd, og som blir etablert som ein treårig prøvepilot.
- Det nye rådet skal ha særleg fokus på den regionale utviklarrolla, skape felles

regionalpolitiske møteplassar og vere ein samarbeidsaktør inn mot Vestland fylkeskommune på område der det nye fylket etablerer regionale nettverk for større einingar enn dagens regionråd.

- Følgjande konkrete oppgåver kan vere særskilt godt eigna for å løyse i eit overbyggande felles råd for Sunnfjord, Nordfjord og HAFS:
 - a. Digital samhandling/IKT
 - b. Interkommunalt plansamarbeid (til dømes interkommunal plan for klimaomstilling)
 - c. Samfunnstryggleik og beredskap (t d felles ROS-analyser)
 - d. Helsepartner mot Helse Førde (med ein helsesektor og velferdsstat i stadig

endring kombinert med auka brukarstyring og meir bruk av velferdsteknologi, kan eit Fjordane interkommunale politiske råd ha ei rolle i å koordinere tettare samarbeid mellom kommunane og Helse Førde)

- e. Klimaomstilling og grøn innovasjon (grøn infrastruktur, sirkulærøkonomi, el-fly på kortbanenettet etc)
- f. Internasjonalisering retta mot EU-program og NOREC
- g. Kontaktpunkt opp mot Vestland fylke på område der fylket ønskjer samarbeid på eit utvida regionnivå (folkehelsepolitikk, kompetansepolitikk,

Ein viktig skilnad på denne modellen og alternativ 1 til PwC, er at vi Nordfjordrådet held fram, men etablerer *Fjordane Interkommunalt politisk råd* som ei overbygging for løysing av roller og oppgåver på meir overordna nivå. Nordfjordrådet vil arbeide etter gjeldande strategi og handlingsplan.

Sunnfjord kommune har sendt inn ein søknad til Statsforvaltaren om skjønnsmidlar avsett til «Fornyng og innovasjon» til finansiering av ein tre-årig pilot for eit overbyggande regionråd. Det er tatt atterhald om godkjenning frå dei deltakande kommunane. Fristen for innsending av søknaden var 1 mars. SiS har slutta seg til søknaden.

Kommunane som vert invitert med i Fjordane interkommunalt politisk råd (FIPR) vil vere Solund, Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Sunnfjord, Kinn, Bremanger, Stad, Gloppen og Stryn.

Sjå elles grunnlag for vedtekter som ligg ved saka.

Vurderingar:

Kommunedirektøren ser klare utfordringar med at Kinn skal vere med i tre eventuelt fire samarbeid. Det er krevjande nok å vere med i tre som i dag. Med å etablere FIPR vil to av dei mest truleg bli avslutta; SiS og Kystrådet. Det er kommunedirektøren si oppfatning og det er ikkje drøfta så langt. Om det skjer; vil vi delta i Nordfjordrådet og FIPR.

Kommunane som er med i Kystrådet vil kunne drøfte saker med fellesnemnarar i det nye

regionrådet.

Eg trur samstundes det er viktig at inngangen til eit nytt samarbeid skjer som eit forsøk i tre år. Spesielt for kommunane i Nordfjord vil det vere viktig at deira samarbeid kan halde fram, sjølv om dei tek del i det nye.

HAFS-kommunane har som nemnd ovanfor stilt seg positive til nytt regionsamarbeid.

Både Sunnfjord og Kinn har i prosessen gitt uttrykk for behovet for eit tettare samarbeid, spesielt mellom byane Florø og Førde. Måløyområdet sine interesser, spesielt innan bu- og arbeidsmarknadsregionen, kan bli tatt i vare både i Nordfjordsrådet og FIPR.

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje no.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Kommunelova, spesielt § 18-1, Interkommunalt politisk råd

Vedlegg i saken:

Fjordane interkommunalt politisk råd



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
011/21	Formannskapet	09.02.2021
026/21	Formannskapet	20.04.2021
055/21	Kommunestyret	29.04.2021

Innkjøpsstrategi

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Innkjøpsstrategien vert vedteken slik den ligg føre og vert lagt til grunn for det operative arbeidet.
2. Rådmannen har ansvaret for å få på plass innkjøpsrutinar/reglement.
3. Rådmannen har ansvaret for den overordna oppfølginga av strategien.

Formannskapet 09.02.2021:

Handsaming:

Forslag frå Raudt, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Rødt

Nytt punkt 3 under kapittelet 4.2 Samfunnsansvar:

3. Vi vil unngå å innkjøp frå firma som er basert i såkalla skatteparadis

Frå Raudt, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Rødt

Nytt punkt 4

Oppfølging og gjennomføring av dette regelverket skal rapporterast minst ein gong årleg

Tillegg, foreslått av Jacob Andrè Telvik Nødseth, Kinn Venstre

Før saka skal handsamast i kommunestyret blir det bede om uttale frå Flora Industri og Næringsforening, Måløy Vekst med fleire.

Endring i pkt. 4, innledning, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne

Ordene "under terskelverdi" strykes.

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

Nytt punkt 3 under kapittelet 4.2 Samfunnsansvar frå repr. Oldeide vart vedteke mot ei røyst (Djuvik)

Nytt punkt 4 frå repr. Oldeide vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg frå repr. Nødseth vart samrøystes vedteke.

Endringsframlegg frå repr. Bovim vart samrøystes vedteke.

FORM- 011/21 Vedtak:

1. Innkjøpsstrategien vert vedteken slik den ligg føre og vert lagt til grunn for det operative arbeidet.
2. Kommunedirektøren har ansvaret for å få på plass innkjøpsrutinar/reglement.
3. Kommunedirektøren har ansvaret for den overordna oppfølginga av strategien.
4. Nytt punkt 3 under kapittelet 4.2 Samfunnsansvar:
Vi vil unngå innkjøp frå firma som er basert i såkalla skatteparadis
5. Oppfølging og gjennomføring av dette regelverket skal rapporterast minst ein gong årleg.
6. Før saka skal handsamast i kommunestyret blir det bede om uttale frå Flora Industri og Næringsforening, Måløy Vekst med fleire.
7. Ordene "under terskelverdi" strykes.

Formannskapet 20.04.2021:

Handsaming:

Fellesframlegg frå V, Ap og H, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre

Tillegg til punkt 2:

Reglementet skal utformast på ein måte som sørger for at dei spenningane/momenta som vert påpeika i høyringsinnspela frå FIN, Måløy Vekst og Aksello vert teke omsyn til.

Nytt punkt 4:

Ein gong i året skal reglementet rullerast med handsaming i formannskapet og kommunestyret. Eventuelle skriftlege innspel mellom desse evalueringsprosessane til korleis kommunen kjøper varer og tenester vert lagt fram for formannskapet som refererte skriv og meldingar.

FORM- 026/21 Vedtak:

Saka går vidare til kommunestyret 29.april.

Kommunestyret 29.04.2021:

Handsaming:

Fellesframlegg frå V, Ap og H, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre

Tillegg til punkt 2:

Reglementet skal utformast på ein måte som sørger for at dei spenningane/momenta som vert påpeika i høyringsinnspela frå FIN, Måløy Vekst og Aksello vert teke omsyn til.

Nytt punkt 4:

Ein gong i året skal reglementet rullerast med handsaming i formannskapet og kommunestyret. Eventuelle skriftlege innspel mellom desse evalueringsprosessane til korleis kommunen kjøper varer og tenester vert lagt fram for formannskapet via sak om refererte skriv og meldingar.

Frå formannskapet, foreslått av ,

1. Innkjøpsstrategien vert vedteken slik den ligg føre og vert lagt til grunn for det operative arbeidet.

2. Kommunedirektøren har ansvaret for å få på plass innkjøpsrutinar/reglement.
3. Kommunedirektøren har ansvaret for den overordna oppfølginga av strategien.
4. Nytt punkt 3 under kapittelet 4.2 Samfunnsansvar:
Vi vil unngå innkjøp frå firma som er basert i såkalla skatteparadis
5. Oppfølging og gjennomføring av dette regelverket skal rapporterast minst ein gong årleg.
6. Før saka skal handsamast i kommunestyret blir det bede om uttale frå Flora Industri og Næringsforening, Måløy Vekst med fleire.
7. Ordene "under terskelverdi" strykes.

Punkt 7 frå formannskapet, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti
7. Ordene "under terskelverdi" strykes

Røysting:

Punkt 1, 2, 3, 4 og 7 vart røysta over samla, og vart samrøystes vedteke
Punkt 5 opp mot nytt framlegg rullere osv. vart samrøystes vedteke.
Tilleggsframlegg punkt 2 samrøystes vedteke.

KOST- 055/21 Vedtak:

1. Innkjøpsstrategien vert vedteken slik den ligg føre og vert lagt til grunn for det operative arbeidet.
2. Kommunedirektøren har ansvaret for å få på plass innkjøpsrutinar/reglement. Reglementet skal utformast på ein måte som sørger for at dei spenningane/momenta som vert påpeika i høyringsinnspela frå FIN, Måløy Vekst og Aksello vert teke omsyn til.
3. Kommunedirektøren har ansvaret for den overordna oppfølginga av strategien.
4. Nytt punkt 3 under kapittelet 4.2 Samfunnsansvar:
Vi vil unngå innkjøp frå firma som er basert i såkalla skatteparadis
5. Ein gong i året skal reglementet rullerast med handsaming i formannskapet og kommunestyret. Eventuelle skriftlege innspel mellom desse evalueringsprosessane til korleis kommunen kjøper varer og tenester vert lagt fram for formannskapet via sak om refererte skriv og meldingar.
6. Ordene "under terskelverdi" strykes.

Bakgrunn for saka:

Frå statleg hald er det bestemt at alle offentlege verksemdar skal ha ein anskaffelsesstrategi. Offentlege anskaffelser utgjer ein vesentlig del av ressursane i samfunnet og det er stort fokus på offentlege anskaffelser.

Formålet med lov og forskrift for offentlige anskaffelser er at den "*.. skal fremme effektiv bruk av samfunnets ressurser. Den skal også bidra til at det offentlige opptrer med integritet, slik at allmenheten har tillit til at offentlige anskaffelser skjer på en samfunnstjenelig måte*"

Omfanget på innkjøp og størrelsen på kommunen tilseier at det er viktig at vi har ein felles strategi om ønska ståstad og utviklingsretning innan innkjøp dei neste åra.

Saksopplysningar:

Det er utarbeida eit forslag til innkjøpsstrategi for Kinn kommune.

Strategidokumentet beskriv kommunens mål og strategiar for korleis Kinn kommune skal satse innan innkjøpsområdet.

Vurderingar:

Innkjøp i kommunen skjer i dag mykje desentralisert. Den enkelte tenesteleiar er ansvarlig for å foreta innkjøp innanfor dei system, rutinar og avtaleverk som er etablert. Innkjøpsavdelinga er ansvarlig for å inngå felles avtalar/rammeavtalar som nyttast av flerie tenester, og er kommunens kompetansesenter innan innkjøp og skal vere rådgjevar ved behov.

Innkjøpsstrategien omtalar overordna målsetting for innkjøp i Kinn kommune.

Innkjøpsrutinar/reglement skal bygge på innkjøpsstrategien, og vil verte meir detaljert på korleis innkjøp skal gjennomførast.

Strategidokumentet følgjer vedlagt. Rådmannen har det overordna ansvaret for strategien, mens innkjøpsavdelinga får eit utvida ansvar med omsyn til implementering og gjennomføring av innkjøpsreglementet.

Innkjøp av varer og tenester i Kinn kommune utgjer ein stor del av kommunens totalbudsjett. I 2021 har kommunen eit budsjett på innkjøp frå eksterne leverandørar på ca 310 millionar kr (drift). I tillegg kjem investeringsbudsjettet på ca 500 millionar.

Omfanget på anskaffelsane og størrelsen på organisasjonen tilseier at det er viktig at kommunen utøver denne rolla på ein god måte, og i den samanhengen vil ein felles strategi som seier noko om ønsja ståstad og utviklingsretning innan anskaffelsesområdet være viktig.

Heile organisasjonen må ha etablert ei forståing og halding til dei forpliktingane som ligg i strategien, og rådmannen ser det derfor som naturleg at forpliktingane rundt anskaffelser innarbeid i leiaravtalane.

Rådmannen ønskjer også å tydeleggjere det faglige tyngdepunktet gjennom ein sentralisert anskaffelses organisasjon, gjennom at Innkjøpsavdelinga får eit større ansvar for anskaffelser og å følgje opp innkjøpet av varer og tenester som eit ledd i blant anna avtaleoppfølging.

Innkjøpsavdelinga skal også ha ansvaret for innkjøpssamarbeidet i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn (INSS). Strategien vil gi føringar også for samarbeidet.

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Lov om offentlige anskaffelser, Forskrift om offentlige anskaffelser, Strategiske grep for å hindre svart økonomi og arbeidslivskriminalitet ved anskaffelser i kommuner og fylkeskommuner.

Vedlegg i saken:

Innkjøpsstrategi 2021 - 24

Høyring - Innkjøpsstrategi Kinn kommune

Innspel til innkjøpsstrategi - Aksello

Innspill til Kinn kommune sin innkjøpsstrategi



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
006/21	Plan-, miljø og næringsutvalet	26.01.2021
009/21	Formannskapet	09.02.2021
015/21	Kommunestyret	18.02.2021
039/21	Kommunestyret	25.03.2021
056/21	Kommunestyret	29.04.2021

Reservevasskjelde Florø vassverk - Framdriftsplan

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kinn kommune skal etablere reservevasskjelde for Florø vassverk.
2. Framdriftsplan og metode for etablering av reservevasskjelde, vert godkjent slik den kjem fram i saksutgreiinga.
3. Administrasjonen skal legge hovudinvesteringa inn framlegg til revidering av økonomiplan frå og med 2022. Prosjekteringsmidlar i 2021, blir vurdert i fyrste revidering av årsbudsjettet.

Plan-, miljø og næringsutvalet 26.01.2021:

Handsaming:

Tilleggsframlegg, nytt punkt:, foreslått av Jacob Andrè Telvik Nødseth, Kinn Venstre
Utbygging av vindkraft på Guleslettene og konkret plassering av vindindustri nær Sagavatnet, har aktualisert behovet for reservevasskjelde. Kommunen skal følgje opp om det i denne konteksten skal fremjast krav mot utbyggjar når ein no skal etablere reservevasskjelde.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedtatt.

Tilleggsframlegg, nytt punkt 4, frå Venstre v/leiar Nødseth, samrøystes vedtatt.

PMNUV- 006/21 Vedtak:

1. Kinn kommune skal etablere reservevasskjelde for Florø vassverk.
2. Framdriftsplan og metode for etablering av reservevasskjelde, vert godkjent slik den kjem fram i saksutgreiinga.
3. Administrasjonen skal legge hovudinvesteringa inn framlegg til revidering av økonomiplan frå og med 2022. Prosjekteringsmidlar i 2021, blir vurdert i fyrste revidering av årsbudsjettet.
4. Utbygging av vindkraft på Guleslettene og konkret plassering av vindindustri nær Sagavatnet, har aktualisert behovet for reservevasskjelde. Kommunen skal følgje opp om det i denne konteksten skal

fremjast krav mot utbyggjar når ein no skal etablere reservevasskjelde.

Formannskapet 09.02.2021:

Handsaming:

Korrigert punkt 4, foreslått av Jacob Andrè Telvik Nødseth, Kinn Venstre

Utbygging av vindkraft på Guleslettene og konkret plassering av vindindustri nær Sagavatnet, har aktualisert behovet for reservevasskjelde. Kommunen skal følgje opp om det i denne konteksten skal fremjast krav mot utbyggjar eller andre når ein no skal etablere reservevasskjelde.

Røysting:

Tilrådinga frå PMN-utvalet, og korrigert punkt 4 frå repr. Nødseth vart samrøystes vedteke.

FORM- 009/21 Vedtak:

1. Kinn kommune skal etablere reservevasskjelde for Florø vassverk.
2. Framdriftsplan og metode for etablering av reservevasskjelde, vert godkjent slik den kjem fram i saksutgreiinga.
3. Administrasjonen skal legge hovudinvesteringa inn framlegg til revidering av økonomiplan frå og med 2022. Prosjekteringsmidlar i 2021, blir vurdert i fyrste revidering av årsbudsjettet.
4. Utbygging av vindkraft på Guleslettene og konkret plassering av vindindustri nær Sagavatnet, har aktualisert behovet for reservevasskjelde. Kommunen skal følgje opp om det i denne konteksten skal fremjast krav mot utbyggjar eller andre når ein no skal etablere reservevasskjelde.

Kommunestyret 18.02.2021:

Handsaming:

Sak utsett til møte i kommunestyret 25.03.2021.

KOST- 015/21 Vedtak:

Sak utsett til møte i kommunestyret 25.03.2021.

Kommunestyret 25.03.2021:

Handsaming:

Sak utsett til neste møte i kommunestyret 29.04.2021.

KOST- 039/21 Vedtak:

Sak utsett til neste møte i kommunestyret 29.04.2021.

Kommunestyret 29.04.2021:

Handsaming:

Formannskapet 9/2, foreslått av ,

Vedtak:

1. Kinn kommune skal etablere reservevasskjelde for Florø vassverk.
2. Framdriftsplan og metode for etablering av reservevasskjelde, vert godkjent slik den kjem fram i saksutgreiinga.

3. Administrasjonen skal legge hovudinvesteringa inn framlegg til revidering av økonomiplan frå og med 2022. Prosjekteringsmidlar i 2021, blir vurdert i fyrste revidering av årsbudsjettet.
4. Utbygging av vindkraft på Guleslettene og konkret plassering av vindindustri nær Sagavatnet, har aktualisert behovet for reservevasskjelde. Kommunen skal følgje opp om det i denne konteksten skal fremjast krav mot utbyggjar eller andre når ein no skal etablere reservevasskjelde.

Røysting:

Punkt 1, 2 og 3 vart samrøystes vedteke

Punkt 4 vart vedteke mot 1 røyst (Nydal, Krf)

KOST- 056/21 Vedtak:

1. Kinn kommune skal etablere reservevasskjelde for Florø vassverk.
2. Framdriftsplan og metode for etablering av reservevasskjelde, vert godkjent slik den kjem fram i saksutgreiinga.
3. Administrasjonen skal legge hovudinvesteringa inn framlegg til revidering av økonomiplan frå og med 2022. Prosjekteringsmidlar i 2021, blir vurdert i fyrste revidering av årsbudsjettet.
4. Utbygging av vindkraft på Guleslettene og konkret plassering av vindindustri nær Sagavatnet, har aktualisert behovet for reservevasskjelde. Kommunen skal følgje opp om det i denne konteksten skal fremjast krav mot utbyggjar eller andre når ein no skal etablere reservevasskjelde.

Bakgrunn for saka:

Mattilsynet har i brev av 3. november 2020 til Kinn kommune gjort vedtak om pålegg for å etablere reservevasskjelde for Florø vassverk.

Vedtaket er heimla i drikkevassforskrifta § 9 Leveringssikkerhet 1. ledd.

Saka gjeld politisk forankring av framdriftsplan for etablering av reservevasskjelde.

Kommunalt vedtak om etablering og framdriftsplan skal sendast Mattilsynet innan 1. april 2020.

Saksopplysningar:

Det vart i 2019 utført ei undersøking av Keipevatnet som mogleg reservevasskjelde. Keipevatnet ligg på kote 434 m.o.h kring 5 km sør-aust for Sagavatnet. Keipevatnet har eit neslagsfelt på 3,1 km² og vassprøver viser god kvalitet.

Keipevatnet er godt eigna som råvasskjelde og det er dette vatnet Kinn kommune ser for seg å nytte som reservevasskjelde for Florø vassverk.

Administrasjonen viser til overordna framdriftsplan som vist under.

Reservevasskjelde skal vere ferdigstilt i 2025, dette vil vere i tråd med Mattilsynets forventningar om framdrift. Dato for milepælar frå 2021 til 2025 kan variere noko. Administrasjonen meiner framdriftsplan som skissert vil vere realistisk og gjennomførbar vurdert ut frå det ein har av bakgrunnsinformasjon i dag.

Milepæl	2021	2022	2023	2024	2025
Oppstart forprosjektering	August				
Ferdigstilling forprosjektering	Oktober				
Oppstart detaljprosjektering		Januar			
Ferdigstilling detaljprosjektering		Juni			
Søknader, innhenting løyver osv		August			
Anbudskonkurranse/ Utlysning		September			
Tildeling entreprise		Desember			
Oppstart utbygging			Mars		

Utbygging Ferdigstilling				Heile	Mai
-----------------------------	--	--	--	-------	-----

Forprosjekt skal i tillegg til å kartlegge metode for etablering av reservevatn, studere og kartlegge framtidig vassbehov knytt til hushaldningar og ikkje minst næring.

Utskifting av overføringsleidningar frå eksisterande vasskjelde Sagavatnet er under planlegging og ligg inne i økonomiplan 2021-2024. Kinn kommune må sjå Sagavatnet og den nye kjelda i samanheng og dimensjonere for tilstrekkeleg kapasitet basert på kartlegging av framtidig behov.

Vurderingar:

Kinn kommune har fått pålegg frå Mattilsynet om å etablere reservevasskjelde for Florø vassverk.

Florø har per i dag kun ei råvasskjelde, noko som betyr at samfunnet er sårbart dersom kjelda vert slått ut. Konsekvensar ved bortfall av vatn er svært store.

Dagens kjelde og reinseanlegg har god kapasitet ut frå dagens behov, likevel ser ein allereie no signal på at framtidig behov kan verte mykje større. Etablerte næringer og framtidige næringer vil krevje store mengder vatn. Ei kartlegging av framtidig behov må gjerast.

Når ein no må etablere ei ny reservevasskjelde, vil kapasiteten på råvatn bli svært stor.

Overføringsleidning og reinsekapasitet må dimensjonerast ut frå kartlegging av framtidig behov. Det er avgjerande å sjå dei 2 råvasskjeldene i samanheng i planlegginga vidare.

Økonomiske konsekvensar:

Estimert kostnad for etablering av reservevasskjelde er per dags dato kring 50 MNOK. Ei meir nøyaktig kalkyle vil komme etter prosjektering. Kostnaden vil også vere avhengig av antall overføringsleidningar og eventuelt behov for nytt vassbehandlingsanlegg. Kartlegging av framtidig vassbehov under forprosjektering vil avdekke og opplyse behov.

Det er naturleg med ny politisk involvering etter at forprosjekt med kartlegging er gjennomført.

Kostnaden vert i sin heilskap belasta sjølvkostområdet vatn. Dette vil inebere ei auke av gebyra i høve dagens nivå, i og med at denne investeringa ikkje er innarbeid i gjeldande økonomiplan. Auka vil bli retaltivt liten. Grunnen til dette er at ei slik investering kan skrivast av over ein lang tidsperiode, i praksis opp til 70 år.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Drikkevassforskrifta

Vedlegg i saken:

Vedtak om plan for reservevasskjelde og plan for nødvatn - Kinn Vassverk Florø

Rapport_Utgreiing_Reservevasskjelde Keipevatnet

Vedlegg 1_Rapport_Norconsult_Keipevannet

Vedlegg 2_Vassprøver

Vedlegg 3_Teikning 01

Vedlegg 4_Teikning 02



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
037/21	Kommunestyret	25.03.2021
057/21	Kommunestyret	29.04.2021
	Kommunestyret	
009/21	Ungdommens kommunestyre i Kinn	06.05.2021

Møterelement for fjernmøter i Kinn kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møterelement for fjernmøter i Kinn kommune vert vedteke slik det ligg føre.

Kommunestyret 25.03.2021:

Handsaming:

Frå H, foreslått av Hanne Eva Husebø Kristensen, Kinn Høyre

3. Ny setning i første avsnitt: Kamera skal som hovedregel alltid være på

4. Chat skal ikke brukast til kommentarer (nytt), innlegg eller debatt

7. Den som har ordet skal (i opprinnelig tekst: bør) ha kamera på under innlegg

9. Røysting skal som hovedregel foregå ved fysisk stemmegiving.

Forslag frå Raudt, foreslått av Sunniva Audardottir Oldeide, Kinn Rødt

3 Møtestart

Tilleggssetning før siste avsnitt: "Kamera skal som hovudregel vere på."

7 Innlegg, replikk taletid

Møtelyd kan innføre taletid ved behov.

Den som har ordet skal ha kamera på under innlegg.

9 Røysting

Møtelyd avgjer om røysting...

10 Openheit/offentlegheit

Stryke andre setning til fordel for: "Møtet skal minimum strømmast eller leggst ut som opptak i ettertid, så langt som råd skal begge deler gjerast."

Framlegg fra MDG, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne
Alternativt framlegg pkt. 11: "Dersom det skjer teknisk avbrot kan telefonkonferanse skal nyttast som reserveløysing dersom samtlege deltakarar godtek dette. Offentlegprinisppa skal i så fall ivaretakast så langt det lar seg gjere."

Sak utsett til neste møte i kommunestyret 29.04.2021.

KOST- 037/21 Vedtak:

Sak utsett til neste møte i kommunestyret 29.04.2021.

Kommunestyret 29.04.2021:

Handsaming:

Forslag frå Raudt, foreslått av Sunniva Audardottir Oldeide, Kinn Rødt

3. Møtestart

Tilleggssetning før siste avsnitt: "Kamera skal som hovudregel vere på."

7. Innlegg, replikk taletid

Møtelyd kan innføre taletid ved behov.

Den som har ordet skal ha kamera på under innlegg.

9. Røysting

Møtelyd avgjer om røysting...

10. Openheit/offentlegheit

Stryke andre setning til fordel for: "Møtet skal minimum strømmast eller leggst ut som opptak i ettertid, så langt som råd skal begge deler gjerast."

Framlegg fra MDG, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne

Alternativt framlegg pkt. 9: "Røysting gjerast i chatfunksjon om ikkje utvalet vedtek å nytte ei anna løysing."

Alternativt framlegg pkt. 11: "Dersom det skjer teknisk avbrot kan telefonkonferanse skal nyttast som reserveløysing dersom samtlege deltakarar godtek dette. Offentlegprinisppa skal i så fall ivaretakast så langt det lar seg gjere."

Røysting:

Saka vart samrøystes vedteke utsett.

KOST- 057/21 Vedtak:

Saka vert utsett.

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret eininge i K-møte 18.02.2021 om å utarbeide eit møtereglement for fjernmøter i Kinn kommune.

Saksopplysningar:

Administrasjonen fekk i oppdrag av kommunestyret å utarbeide eit utkast til møtereglement for fjernmøter i Kinn kommune, til handsaming i kommunestyremøte 25.03.2021.

Vurderingar:

Dokumentet inneheld reglement for fjernmøter jf. kommuneloven § 11 - 7 og reglement for sakshandsaminga i folkevalde organ jf. kommuneloven § 11-12.

Hovudregelen i kommuneloven er at møter i folkevalde organ vert halde som fysiske møter kor dei folkevalde møtast i same rom. Kommuneloven opnar i tillegg for fjernmøter.

Fjernmøte innebær at deltakarane ikkje sit i same lokale, men at dei via tekniske hjelpemiddel likevel kan sjå, høyre og kommunisere med kvarandre. Krava som elles gjeld for møter, gjeld og for fjernmøter.

Eit møte som skal lukkast etter § 11-5 andre ledd, kan ikkje haldast som fjernmøte. Saker som skal unntakast frå offentlegheita, kan ikkje handsamast i slike møter. Når slike saker skal handsamast, må møtet haldast som eit fysisk møte.

Dette reglementet supplerer *Delegeringsreglement for Kinn kommune* og *Møtereglement for Kinn kommune*.

Reglementa gjeld for alle folkevalde organ i Kinn kommune og gjeld så langt det ikkje strir mot særskilde fastsette bestemmingar i lov eller reglement for einskildorgan.

For eksterne styrer, råd og utval følgjer reglane av desse utvala eigne reglement og vedtekter.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Kommunelova § 11-7

Kommunelova § 11 – 12

Kommunelova § 11 – 5, andre ledd

Vedlegg i saken:

Reglement for fjernmøter i Kinn kommune (v2021.03.17)



Saksframlegg

Saksnr.	Utvål	Møtedato
058/21	Kommunestyret	29.04.2021

Interpellasjonar

Underliggende sak:

006/21, Interpellasjon marsmøtet

007/21, Interpellasjon etter resultatet av spørjeundersøking

Kommunestyret 29.04.2021:

Handsaming:

Interpellasjon frå Raudt om openheit: Saka vert oversendt administrasjonsutvalet for handsaming før sommaren.

Interpellasjon om spørjeundersøking vert utsett til neste møte.

KOST- 058/21 Vedtak:

Interpellasjon om openheit vert oversendt administrasjonsutvalet til handsaming.

Interpellasjon om spørjeundersøking vert utsett.



Kinn kommune

Arkiv: TI-&29
JournalpostID: 21/13676
Sakshandsamar: Linda Alice Myhre
Larsen
Dato: 18.03.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
004/21	Kommunestyret	25.03.2021
006/21	Kommunestyret	29.04.2021

Interpellasjon marsmøtet

Kommunestyret 29.04.2021:

Handsaming:

Framlegg fra MDG, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne

"Kommunestyret ber om at sak om åpenhet mv. vert oversendt AdmU for handsaming, med sikte på slutthandsaming i kommunestyret før sommeren."

KOST- 006/21 Vedtak:

Vedlegg i saken:

VS Interpellasjon marsmøtet



Kinn kommune

Arkiv: TI-&29
JournalpostID: 21/19750
Sakshandsamar: Ola Teigen
Dato: 21.04.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
007/21	Kommunestyret	29.04.2021
	Kommunestyret	

Interpellasjon etter resultatet av spørjeundersøking

Kommunestyret 29.04.2021:

Handsaming:

KOST- 007/21 Vedtak:

Vedlegg i saken:

Følgjeskriv



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
059/21	Kommunestyret	29.04.2021

Nordfjord Havn IKS - oppfølging selskapskontroll

Ordfører sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitande at eigarmøtet i Nordfjord hamn ikkje ynskjer å løyve midlar til ein ekstern gjennomgang av selskapet slik kontrollutvalet ynskjer.
2. Kommunestyret ber kontrollutvalet kalle inn dagleg leiar, tidlegare styreleiar og tidlegare rådmann i Vågsøy til ei høyring.
3. Kommunestyret vil vurdere saka på nytt når kontrollutvalet har gjennomført høyring og konkludert.

Kommunestyret 29.04.2021:

Handsaming:

Sjå handsaming av saka under godkjenning av innkalling og sakliste, sak 044/21

KOST- 059/21 Vedtak:

Saka utgår. Møtebok frå hamnestyret vart lagt inn som dokument i sak 044/21: Refererte skriv og meldingar.

Bakgrunn for saka:

Ordfører har fremja kommunestyret sitt vedtak for eigarmøtet i Nordfjord hamn. Eit fleirtal i hamnerådet ynskjer ikkje å løyve kroner 500.000 til ei gransking av selskapet. Tidlegare styreleiar i selskapet og noverande dagleg leiar peikar på at kontrollutvalet aldri har bede om selskapet sitt syn på saka om gransking. Kontrollutvalet bør også vurdere å kalle inn tidlegare rådmann i Vågsøy for å utdjupe saka.

Saksopplysningar:

Vedtaket frå hamnerådet er slik:

Hamnerådets Vedtak:

Søknad frå Kinn kommune om kr. 500 000,- for dekking av kontrollutvalet i Kinn kommune sine kostnader blir ikkje innvilga.

Vedteke mot to stemmer.

Hamnerådet ber på ny kommuna om å invitere Hamnedirektør og tidlegare Styreleiar Elisabeth Elliot for klargjering og gjennomgang.

Einstemmig vedteke.

Kontrollutvalet sin saksgang ber preg av å vere ufullstendig. Før ein brukar midlar på ei ekstern gransking må utvalet sjølv søke å skaffe seg informasjon nok i saka gjennom å be om dokumentasjon frå selskapet og stille spørsmål direkte til selskapet si leiing. Det vil og vere naturleg at tidlegare rådmann i Vågsøy vert kalla inn sidan kontrollutvalet legg stor vekt på ein e-post frå vedkommande. Det er og grunn til å stille spørsmålsteikn om kontrollutvalet si avgrensing i tid er rett. Det er problematisert eit forhold knytt til ei anskaffing med utfylling i Barstadvika som kontrollutvalet bør vurdere.

Vedlegg i saken:

VS: Hamnerådsmøte 14.april 2021



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
028/21	Kommunestyret	25.03.2021
060/21	Kommunestyret	29.04.2021

Endring av promillesatsen i eiedomskatten for 2021

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommuenstyret tek til vitande at formannskapet i sak 14/21, med heimel i kommunelova § 11-8, nytta hasteparagrafen og justerte skattesatsen for bustad- og fritidseigedomar frå 4 til 3,5 promille, for skatteåret 2021.
2. Kommunestyret fastset skattesatsen i 2021 for bustad- og fritidseigedomar til 3,3 promille og for næringseigedomar til 5 promille.

Kommunestyret 25.03.2021:

Handsaming:

Forslag frå Geir Oldeide, Raudt, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Rødt
Kommunestyret er ikkje nøgd med administrasjonen si handtering av eiedomsskatten. Når ein tilrår å kalle inn til ekstra formannskapsmøte og nytte hasteparagrafen i kommunelova for å rette opp att den store feilen som gjorde at ein ville krevje inn altfor mykje skatt, då må ein forvente at saka er godt nok utgreidd. Det var den ikkje i dette tilfellet. Etter at formannskapet følgde tilrådinga frå kommunedirektøren og gjorde vedtak om å sette ned satsen på bustader til 3,5 % syner det seg at ein likevel tek inn nærare 20 mill meir enn ein skal. Sett i ettertid er konklusjonen at saka var så mangelfullt utgreia at ein ikkje skulle ha avholdt ekstra formannskapsmøte og brukt hastekompetanse i denne saka. Kommunestyret seier seg ikkje nøgd med administrasjonen si handtering av denne saka fram til no.

Forslag fra Rødt, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Rødt
Da det nye takstgrunnlaget for både nærings-, bustad- og fritidseiendommer ser ut å være feil på veldig mange objekt så vil Kinn kommunestyre gjøre om på vedtaket om eiendomsskatt og vil kreve inn skatt for 2021 etter de samme takster og satser som var brukt for 2020. Manglende beløp i budsjettet som følge av dette vert å dekke inn ved kommende budsjettrevisjon.

Forslag frå Høgre, foreslått av Arlene Vågene, Kinn Høyre

1. Klagefrist på eiendomsskatt vert 6 mnd
2. Faktura vert sendt ut 1/6-21 med forfall 1/7-21

Alternativt framlegg frå FrP, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

1. Kommunestyret vidarefører tidlegare verditakst for utskriving av eigedomsskatt i 2021.
2. Kommunestyret vidarefører promillesatsen frå 2020 til utskriving av eiigedomsskatt i 2021.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren gjennomføre ei ny retaksering av alle eigedommar i Kinn basert på følgjande prinsipp:
 - Likningstakst skal ligge til grunn for utskriving av eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedommar.
 - Takseringa av næringsseigedommar skal gjennomførast på ein profesjonell måte, og kommunedirektøren skal vektlegge kompetanse og erfaring frå tilsvarande arbeid i tillegg til pris i val av aktør til å gjennomføre arbeidet.
 - Arbeidet skal være slutført før endeleg budsjetthandsaming for 2022, slik at kommunestyret kan legge oppdaterte verditakstar til grunn ved fastsettelsen av promillesats for 2022

Alternativt framlegg frå FrP og Raudt, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

1. Kommunestyret vidarefører tidlegare verditakst for utskriving av eigedomsskatt i 2021.
2. Kommunestyret vidarefører promillesatsen frå 2020 til utskriving av eiigedomsskatt i 2021.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren gjennomføre ei ny retaksering av alle eigedommar i Kinn basert på følgjande prinsipp:
 - Likningstakst skal ligge til grunn for utskriving av eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedommar.
 - Takseringa av næringsseigedommar skal gjennomførast på ein profesjonell måte, og kommunedirektøren skal vektlegge kompetanse og erfaring frå tilsvarande arbeid i tillegg til pris i val av aktør til å gjennomføre arbeidet.
 - Arbeidet skal være slutført før endeleg budsjetthandsaming for 2022, slik at kommunestyret kan legge oppdaterte verditakstar til grunn ved fastsettelsen av promillesats for 2022

Høyre, Venstre og arbeiderpartiet, foreslått av Arlene Vågene, Kinn Høyre

Satsen for eiendomsskatten blir 4.6 promille for næring og 3.5 promille på privat bustader og fritidsbustader.

Revidert forslag frå Geir Oldeide, Raudt, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Rødt

Kommunestyret er ikkje nøgd med administrasjonen si handtering av eigedomsskatten. Når ein tilrår å kalle inn til ekstra formannskapsmøte og nytte hasteparagrafen i kommunelova for å rette opp att den store feilen som gjorde at ein ville krevje inn altfor mykje skatt, då må ein forvente at saka er godt nok utgreidd. Det var den ikkje i dette tilfellet. Etter at formannskapet følgde tilrådinga frå kommunedirektøren og gjorde vedtak om å sette ned satsen på bustader til 3,5 % syner det seg at ein likevel tek inn nærare 20 mill meir enn ein skal. Kommunestyret seier seg ikkje nøgd med administrasjonen si handtering av denne saka fram til no.

Framlegg fra MDG, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne

1. Kommunestyret vidarefører tidlegare verditakst for utskriving av eigedomsskatt i 2021.
2. Kommunestyret ber om at kommunedirektøren beregner korleis vedtaket i pkt. 1 kan samsvare best mogleg med budsjettert eigedomsskatt for 2021. Dette vert å komme attende til i revidert budsjett.
3. Fram til beregning som i pkt. 2 er gjennomført vert promillesatsen frå 2021 vidareført til utskriving av e-skatt i 2021.
4. Kommunestyret ber kommunedirektøren gjennomføre ei ny retaksering av alle eigedommar i Kinn basert på følgjande prinsipp:
 - Takseringa av eigedommar skal gjennomførast på ein profesjonell måte, og kommunedirektøren skal vektlegge kompetanse og erfaring frå tilsvarande arbeid i tillegg til pris i val av aktør til å gjennomføre arbeidet.
 - Arbeidet skal være slutført før endeleg budsjetthandsaming for 2022, slik at kommunestyret kan legge oppdaterte verditakstar til grunn ved fastsettelsen av promillesats for 2022

Tilleggsframlegg fra MDG, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne

"Til budsjettbehandlingen for 2022 skal kommunedirektøren ha utgreidd muligheten for bunnfradrag i eiendomsskatten på privatbustader i Kinn kommune, jf. eiendomsskattelova § 11, 2. ledd."

Framlegg til skattesats (om de to forrige faller), foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne
Satsen for eiendomsskatten blir 4,6 promille for næring og 4 promille på privatbustader og fritidsbustader. Det vert innført eit botnfrådrag på kr 250.000 for privat- og fritidsbustader, jf. eiendomsskattelova § 11, 2. ledd.

Framlegg frå FrP, Raudt og SP, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

1. Kommunestyret vidarefører tidlegare verditakst for utskriving av eiendomsskatt i 2021.
2. Kommunestyret vidarefører promillesatsen frå 2020 til utskriving av eiendomsskatt i 2021.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren gjennomføre ei ny retaksering av alle eiendommar i Kinn basert på følgjande prinsipp:
 - Likningstakst skal ligge til grunn for utskriving av eiendomsskatt for bustad- og fritidseiendommar.
 - Takseringa av næringseiendommar skal gjennomførast på ein profesjonell måte, og kommunedirektøren skal vektlegge kompetanse og erfaring frå tilsvarande arbeid i tillegg til pris i val av aktør til å gjennomføre arbeidet.
 - Arbeidet skal være sluttført før endeleg budsjetthandsaming for 2022, slik at kommunestyret kan legge oppdaterte verditakstar til grunn ved fastsettelsen av promillesats for 2022

Utsettingsframlegg, foreslått av Jacob Andrè Telvik Nødseth, Kinn Venstre

Saka vert utsett til neste møte i kommunestyret.

Det er viktig at framlegg til vedtak som ein ynskjer å fremje så langt mogleg er utgreidd før møtet. Ev. framlegg bør difor sendast ordførar innan 15. april slik at kommunedirektøren kan gjere naudsynte utgreingar av konsekvensar av moglege vedtak og kommunisere desse til partia i god tid før møtet.

Røysting:

Utsettingsframlegg frå V v/repr. Nødseth vedtatt mot 4 røyster (Raudt).

KOST- 028/21 Vedtak:

Saka vert utsett til neste møte i kommunestyret.

Det er viktig at framlegg til vedtak som ein ynskjer å fremje så langt mogleg er utgreidd før møtet. Ev. framlegg bør difor sendast ordførar innan 15. april slik at kommunedirektøren kan gjere naudsynte utgreingar av konsekvensar av moglege vedtak og kommunisere desse til partia i god tid før møtet.

Kommunestyret 29.04.2021:

Handsaming:

Nydal fremjer utsetjing.

Røysting:

Utsettingsframlegget vart vedteke mot røystene til Sp, Frp og Raudt (6)

KOST- 060/21 Vedtak:

Saka vert utsett.

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret har bestemt at dei samla inntektene frå eiendomsskatten skal vere 79,5 millionar kroner. Inntektene er framleis høgre enn det. Med bakgrunn i det siste talmateriale, ser kommunedirektøren moglegheiter til å ta ned promillesatsen tilsvarande 11 millionar kroner. Då har vi tatt høgde for ein reserve i høve handsaming av klager. Den vil då vere om lag 4,5 millionar

kroner.

Saksopplysningar:

Årsaka til denne situasjonen ligg først og fremst i at det framleis er forskjellar mellom eigedomsregisteret og dei tidlegare registrerte opplysningane i matrikkelen. Med det fokuset saka har hatt i media dei siste vekene, har vi fått mange innspel som har hjelpe til med å oppdatere registra våre. Detaljgrunnlaget for takst og skatt vart sendt ut i forkant av at denne saka vert handsama i kommunestyret. Det kan gi grunnlag for enda betre oppdatering av talgrunnlaget, og eg vil kome med eventuelle endringar i føresetnadane i forkant av kommunestyret si førehaving. Om summen på 11 millionar kan endrast?

Den siste veka har vi registrert at avvika no fordeler seg meir likt mellom bustad- og fritidseigedomar og næringsseigedomar. Når vi har sendt ut detaljgrunnlaget kan vi oppleve endringar i denne fordelinga.

Vurderingar:

Utgangspunktet er at vi samla sett kan ta ned inntektene med 15,5 millionar kroner. Eg vil sterkt tilrå ein reserve i høve utfallet av klagesaker. Eg vurderer ein forsvarleg reserve til å utgjere om lag 4,5-5 millionar kroner.

Det betyr at vi kan justere promillesatsen slik at inntektene samla sett samsvarer med kommunestyret sitt budsjettvedtak. Det gir kommunestyret no høve til å ta ned inntektene med om lag 11 millionar kroner.

Det er fleire alternative løysingar. Her er nokre alternativ.

Promillesatsen er i dag 3,5 på bustad- og fritidseigedomar og 6 på næringsseigedomar. Begge kategoriane gjeld også tomteland med same føremål.

Det gir følgjande inntekter:

Bustad- fritidseigedomar	kr	48 840 000
Næringsseigedomar	kr	46 161 000
Samla inntekter	kr	95 001 000

I tillegg kjem 1 million kroner som inntekt frå produksjonsutstyr. Ein kategori som er under utfasing.

Til frådrag kjem fritaket for nye bustader (3 år) med tilsvarande sum som for produksjonsutstyr (1 mill).

Mogelege alternativ:

Kommunestyret kan ta ned promillesatsen ytterlegare på bustad- og fritidseigedomar. Dersom den vert justert ned med 0,5 promille vil inntektene bli redusert med 7 millionar kroner.

Dersom promillesatsen på næringsseigedomar vert tatt ned med 1 promillene vil inntektene bli redusert med nærare 8 millionar kroner.

Dersom kommunestyret gjer begge reduksjonane forsvinn reserven.

Vi kan legge følgjande matrise til grunn:

Kategori	Reduksjon 0/00	Reduksjon inntekter
Bustad- fritid	0,5	7 mill
Bustad- fritid	1,0	14 mill
Næringseigedom	0,5	4 mill
Næringseigedom	1,0	8 mill

Ein kombinasjon av dei ulike alternativa kan vere:

Kategori	Promillesats	Inntekter
Bustad- fritid	3,3	46 millionar
Næringseigedomar	5,0	38,5 millionar
Samla inntekter		84,5 millionar (KOST vedtak 79,5)
Reserve		5 millionar

Eller det kan vere andre kombinasjonar kommunestyret vel å vedta.

Med bakgrunn i formannskapet sine drøftingar og ut frå det faktum at avvika no er meir likt fordelt mellom kategoriane, tilrår kommunedirektøren å fordele den vidare justeringa mellom skatteobjekta. Ved å ta ned satsen til 5 promille på næringseigedomar og ytterlegare 0,2 promille på bustad og fritidseigedomar, oppnår vi ei fordeling som også samsvarer med kommunestyret sitt opphavlege vedtak. Då var skilnaden mellom dei to kategoriane 2 promille. I framlegget her er den 1,7. Då får vi heller ingen vesentleg endring i det forholdstalet.

Økonomiske konsekvensar:

Saka legg opp til å justere skattesatsane for eigedomskatten slik at dei samla inntektene tilsvarar kommunestyret sitt vedtak på 79,5 millionar kroner.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»